

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: Norsk fjellsenter, Lom
Dato: 24.09.2021
Tidspunkt: 09:00 – 15.00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 91100829. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Det blir lagt opp til 6 timers møte på fjellsenteret. Lunsj blir servert i møtelokalet.

Orienteringer ST 53/20

- Orientering ved avdelingsdirektør - naturmangfold og verneområder (Statsforvalteren i Innlandet), Vebjørn Knarrum.
- Status for tiltak 2021 i Reinheimen.
- Pilotprosjekt mellom Statforvalteren i Innlandet og UT.no.
- HV 11 har flytta planlagt vinterøving til Finnmark. Møte med HV 11 er avlyst.
- Ny bru i Tordalen (DNT), flytting av fiskebu (Skjåk alm)
- Neste styremøte og møte i rådgivande utval.

Vel møtt!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 40/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 41/2021	Referatsaker		
	Søknad - Reinheimen NP - helikopter - ombygging av hengebru over Tora - DNT Oslo og Omegn		2021/3471
	Tilbakemelding - retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder		2021/1361
	Vedtak - klage - Finndalen LVO - dispensasjon - oppsetting av flaggstang - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen		2020/12486
ST 42/2021	Delegerte saker		
DS 62/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - motorbåt - Torsvatnet - Ivar Stuve		2021/6762
DS 63/2021	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2021 - 2025 - rypetaksering - Skjåk Almenning		2021/8193
DS 64/2021	Delegert vedtak - Romsdalen LVO - barmarktransport av båt fra og til Ulvådalsvatnet - 2021 - Knut Brøste		2021/8018
DS 65/2021	Delegert sak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 -2025 - barmark - Muldal gnr 36 bnr 1 - Sissel Rogne og Ola Myklebust		2021/8868
DS 66/2021	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2021 - drone - forebyggende og konfliktdempende tiltak i beitenæringa - Skjåk beite- og sankelag		2021/6236
DS 67/2021	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - 2021 -2023 - Oppsetting av lavvo i samband med villreinjakt - Svein Arne Olsen		2021/8261
DS 68/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - ATV - Kjell Jostein Vad		2021/8484
DS 69/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 - 2025 - barmark - ATV - Lars Petter Tafjord		2021/8489
DS 70/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 - 2025 - barmark - ATV - Lars Petter Tafjord		2021/8489
DS 71/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - barmark - renovering av hytte - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald Brudeli		2021/5929
DS 72/2021	Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - barmark - ATV - gbnr 37/ 7 - Muldalslia - Jostein Tafjord		2021/3551

DS 73/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR - Motorferdsel barmark - 2021 - 2025 - Muldalslia - gnr.37, bnr.4 -Øystein Tafjord	2021/8732
DS 74/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021- oppretting bakkeantenne på Grønhøa - Lesja kommune, Lesjaskog beitelag	2020/4844
DS 75/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - 2021 - barmark - transport i forbindelse med skadefelling av jerv - Rauma kommune	2021/8521
DS 76/2021	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - barmark - 2021 - Tunga - Lisbeth Traaseth	2021/7532
DS 77/2021	Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021-2025 - barmark - ATV - Muldalslia - Audun Valle	2021/8534
ST 43/2021	Finndalen LVO - dispensasjon - oppsetting av vindmølle - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen	2020/12486
ST 44/2021	Tafjorden-Reindalen LVO - godkjenning av skjøtselsplane for Reindalssetra	2019/14983
ST 45/2021	Romsdalen lvo - Godkjenning av skjøtselsplan for Vermedalen.	2019/15334
ST 46/2021	Høyring av utkast til skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde	2019/15331
ST 47/2021	Reinheimen NP - bruk av kommersiell logo - Ræin AS	2021/8804
ST 48/2021	Lom kommune - arealdelen til kommuneplan 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen	2021/8919
ST 49/2021	Klage på vedtak frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - barmark - motorbåt - Rauma kommune	2021/8521
ST 50/2021	Finndalen landskapsvernområde - dispensasjon - 2021 - inngjerding seterhus og bygging av plattung på gnr. 159/1/59 - Ola Stubrud Teigen	2021/9170
ST 51/2021	Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - gjenoppføring av utedo på Sterringen gbnr 159/1/60 - Olav Skåre	2021/8848
ST 52/2021	Reinheimen nasjonalparkstyre - rådgivende utvalg - 2020 - 2023	2020/902
ST 53/2021	Orienteringar	

ST 40/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 41/2021 Referatsaker

Søknad - Reinheimen NP - helikopter - ombygging av hengebru over Tora - DNT Oslo og Omegn

Tilbakemelding - retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder

Vedtak - klage - Finndalen LVO - dispensasjon - oppsetting av flaggstang - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallinggen

ST 42/2021 Delegerte saker

DS 62/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - motorbåt - Torsvatnet - Ivar Stuve 2021/6762

DS 63/2021 Ottadalen LVO - dispensasjon - 2021 - 2025 - rypetaksering - Skjåk Almenning 2021/8193

DS 64/2021 Delegert vedtak - Romsdalen LVO - barmarktransport av båt fra og til Ulvådalsvatnet - 2021 - Knut Brøste 2021/8018

DS 65/2021 Delegert sak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 -2025 - barmark - Muldal gnr 36 bnr 1 - Sissel Rogne og Ola Myklebust 2021/8868

DS 66/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2021 - drone - forebyggende og konfliktdempende tiltak i beitenæringa - Skjåk beite-

og sankelag 2021/6236

**DS 67/2021 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - 2021 -2023
- Oppsetting av lavvo i samband med villreinjakt - Svein Arne Olsen
2021/8261**

**DS 68/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR -
motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - ATV - Kjell Jostein Vad 2021/8484**

**DS 69/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR -
motorferdsel - 2021 - 2025 - barmark - ATV - Lars Petter Tafjord
2021/8489**

**DS 70/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR -
motorferdsel - 2021 - 2025 - barmark - ATV - Lars Petter Tafjord
2021/8489**

**DS 71/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - barmark -
renovering av hytte - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald
Brudeli 2021/5929**

**DS 72/2021 Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - barmark - ATV
- gbnr 37/ 7 - Muldalslia - Jostein Tafjord 2021/3551**

**DS 73/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR -
Motorferdsel barmark - 2021 - 2025 - Muldalslia - gnr.37, bnr.4 -Øystein
Tafjord 2021/8732**

**DS 74/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP -
motorferdsel - 2021- oppretting bakkeantenne på Grønhøa - Lesja
kommune, Lesjaskog beitelag 2020/4844**

**DS 75/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP -
Romsdalen LVO - motorferdsel - 2021 - barmark - transport i forbindelse
med skadefelling av jerv - Rauma kommune 2021/8521**

**DS 76/2021 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - barmark -
2021 - Tunga - Lisbeth Traaseth 2021/7532**

**DS 77/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Muldalslia NR -
motorferdsel - 2021-2025 - barmark - ATV -Muldalslia - Audun Valle
2021/8534**



Arkivsaksnummer: 2020/12486-18

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 03.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	43/2021	24.09.2021

Ny behandling - Finndalen LVO - dispensasjon - oppsetting av vindmølle - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Mona og Arild Fallingen dispensasjon til oppføring av vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindmølla skal ha ei mastehøgde på inntil 4,5 meter, og rotordiameter på 1,5 meter.
- Plassering av vindmølla skal vera på baksida av seterbygningane, inn mot sørsida av setertunet.
- Vindmølla skal kunne påførast ei mørk grøn farge for å vera minst mogleg synleg.
- Vindmølla skal vera eit supplement til eksisterande solcelleanlegg og erstatte eit fosilt drive aggregat på setra.
- Nasjonalparkstyret kan krevje at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for vindmølla, eller den er til ulempe for verneverdiane.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med grunneigar og kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Mona og Fallingen, epost 10.09.20
- Dispensasjon til oppsetting av vindmølle og flaggstang - vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 23.11.2020, sak 46/2020
- Klage på vedtak, frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel v/leder Nelly Karidatter Einstulen, datert 20.12.20
- Merknad frå motpart, Mona og Arild Fallingen, e-post 24.02.21
- Klagebehandling i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 12.03.21

- Vedtak i klagesak, Miljødirektoratet 01.07.21(Vedlagt)

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har i brev 01.07.21 oppheva Nasjonalparkstyret sitt vedtak av 23.11.2020, og har sendt saka attende til ny behandling, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd.

Miljødirektoratet viser til at Nasjonalparkstyret har behandla søknaden etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 bokstav b) som berre opnar for å gje dispensasjon til nye bygningar i landskapsvernområdet. Dersom det skal gjevast løyve til omsøkt vindmølle, må den eventuelt gjevast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ i denne sak.

Stutt historikk:

Mona og Arild Fallingen søkte 10.09.2020 om godkjenning til å sette opp ei minivindmølle på 1kw på si sæter på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde.

I e-posten står følgjande: «Søknad om godkjenning av oppsetting av minivindmølle på 1 kw. Vi er på sætra mesteparten av tida fra det er farbart på våren til sent på høsten. Vi er aktive bønder med ammekyr, sau, ammegeit, hest m.m. Vi driver utleie og vil i gang med besøkssæter/sæterturisme. Vi er avhengige av ekstra lading til vår batteribank i mørke perioder, denne vindmøllen som har en masthøyde på 4.5m er da en erstatte for et fosilt drevet aggregat. Vi bruker strømmen til bl.a. lys, varmtvann, kjøleskap, fryser og vaskemaskin. Det å ha strøm ser vi på som en stor sikkerhetsfaktor, i forhold til gass, stearinlys og parafinlamper. Vindmøllen skal lakkeres grønn. De som ønsker er velkomne til å komme å sjå anlegget. Det betyr mye for oss som bruker sætra så mye å ha strøm her»

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 23.11.2020, og gjorde slik samrøystes vedtak i saka:

«Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Mona og Arild Fallingen, følgjande:

1. dispensasjon til oppføring av ei mindre vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon til vindmølla er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindmølla skal ha ei mastehøgde på 4,5 meter.
- Plassering av vindmølla skal vera på baksida av seterbygningane, inn mot sørsida av setertunet.
- Vindmølla skal kunne påførast ei mørk grøn farge for å vera til minst mogleg synleg.
- Vindmølla skal erstatte eit fosilt drive aggregat på setra.
- Nasjonalparkstyret kan krevja at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er driftsmessige behov for vindmølla.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon til oppsetting av vindmølle gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med grunneigar og kommunen i høve til plan- og bygningslova.»

Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel klaga på vedtaket i nasjonalparkstyret.

Naturvernforbundet er tvilande til at auka straumproduksjon er nødvendig for seterdrifta (med husdyrhold), men at energibehov skuldast etablering av seterturisme. Andre energikjelder burde ifølgje Naturvernforbundet vore vurdert, som t.d. solcellepanel.

Naturvernforbundet meiner at ein batteribank som er riktig dimensjonert med friske batteri vil klare seg gjennom vinteren utan ekstra lading når dei er fullada før vinteren.

Naturvernforbundet meiner derfor det må være nok med eit riktig dimensjonert, moderne solcellepanel. Det reises også spørsmål om drift og vedlikehald, særleg om vinteren da setra

ligg langt frå køyrbar veg. Naturvernforbundet meiner at fjellturisme ikkje kan likestillast med landbruksnæring og setring.

Løyve til vindmølle vil også kunne skape uheldig presedens, meiner Naturvernforbundet. Det blir vist til at dei fleste setrene ligg ope til i landskapet og vindmøller vil være visuelt skjemmaende og vil bryte med det tradisjonelle seterlandskapet. Naturvernforbundet er derfor uenig med Nasjonalparkstyret i at fordelene med å erstatte dieselaggregat med vindmølle er større enn ulempene dette vil ha for landskapsbildet og den samla belastningen av området. Det vises til at landskapsvernområdet er et naturområde på grensa til nasjonalparken.

Nasjonalparkforvaltar orienterte Mona og Arild Fallingen om klaga frå Naturforbundet, for å gje dei høve til å uttale seg. Tiltakshavarane kom med merknader til klaga, og informerte om at det er montert et 3kW solcelleanlegg på setra, som fungerer godt og som er riktig dimensjonert. Vindmølla er tenkt brukt til å lade batteribanken i mørke periodar. Sidan setra ligg på baksida av dalen, er solsesongen stutt.

Det blir og opplyst om at vindmølla i hovudsak er grunngeve i jordbruksmessige behov, men at det er ønskje om moglegheit for å drive seterturisme Finndalen.

Tiltakshavarane er villige til å gje opplysningar om eller synfaring av setra og alternativ energi dersom det er ønskjeleg. Vedlikehaldet på setra er elles godt og uproblematisk.

Dei ønskjer å bestemme sjølv når setra skal brukast og at den også nyttast på vinteren, ein bruk som er forventa og auke.

I møte 12.03.21 vurderte nasjonalparkstyret om klaga gav grunnlag for å endre eller oppheve vedtak om dispensasjon til oppsetting av vindmølle. Nasjonalparkstyret for Reinheimen tok ikkje klaga frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel til følgje, og sendte klaga med alle saksdokument til miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Med bakgrunn i at miljødirektoratet har oppheva nasjonalparkstyret sitt vedtak av 23.11.2020, blir nasjonalparkstyret no bede om å behandle saka på nytt.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til *b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.*

Vindmølle av den typen det er søkt om kan ikkje reknast som ein bygning, og det kan i følgje miljødirektoratet ikkje gjevast dispensasjon etter verneforskrifta i dette tilfelle. Sidan verneforskrifta ikkje opnar for oppføring av vindmølle, må søknaden vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen frå 2010 gir ikkje føringar for oppføring av vindmøller, ettersom det ikkje var så aktuelt da planen vart utarbeidd.

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande:
Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b):

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval Byggjeteknikk Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet

Byggeskikk § 3, pkt. 1.3 b):

Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov.

Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksformål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Naturmangfaldlova

Ifølgje naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ kan nasjonalparkstyret gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Av forarbeida går det fram at regelen er meint som ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle/særlige tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. I fyrste rekke skal regelen nyttast på bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro som er av stor verdi for søker sett opp mot verneinteressene. I vurderingen av om tiltaket er i strid med verneformålet, er betydning for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Krav om at tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig innebærer at moglegheita til å gje dispensasjon er snever.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Mona og Arild Fallingen er aktive seterbrukarar på Sterringen i Finndalen, og driv omfattande husdyrhald med storfe, ammekyr, hestehald og boergeit heime på garden i Skjåk, og i Finndalen heile beitesesongen. Fram til 2015 dreiv dei med mjølkeproduksjon på setra, men drifta er lagt om til ammeku med ulike storferasar, boergeit og hest. Søkjarane oppgraderte seterbygningane før vernet, og dei er i god stand. Som aktive beitebrukarar held dei til på setra store delar av året, også utover seinhausten. På Sterringen er det 9 setre, der det pr. i dag berre er Mona og Arild Fallingen som har eit visst omfang med husdyrhald. Det er framtidige planar om å vidareutvikle setra for besøkande, med fokus på dyrehald og seterliv. Som aktive beitebrukarar og næringsaktørar i seterområdet, har søkjarane eit akseptert behov for å vidareutvikle setra, og utnytte eksisterande bygg og anlegg. Vindmølla er eit supplement til eksisterande solcelleanlegg, og skal erstatte dieselaggregatet. Det er etter forvaltar sin vurdering positivt å erstatte fossilt brensel med ein fornybar energikjelde.

Vindmølla har rotordiameter mindre enn 1,5 m og mastehøgde på 4,5 m. Den skal supplere eksisterande solcelleanlegg og har ein effekt på 1 kW som kan samliknast med ein stor panelomn eller liknande.

Formålet med oppretting av Finndalen landskapsvernområde er å:

"- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging".

Området er vernet mot inngrep som vesentleg kan endre eller virke inn på landskapets art eller karakter. Det er derfor i utgangspunktet forbod mellom anna mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretninga, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1.

Det er nærliggjande å tenkje at vindmølla kan føre til ulemper for fuglelivet.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt når det gjeld dyre- og fugleliv. Jf. nml § 8, har forvaltar vore i kontakt med Geir Høytomt som har utarbeidd sårbarheitsvurdering for rovfugl og våtmarksfugl i Reinheimen. Det er ingen sårbare fuglebiotopar ved Sterringen som kjem i konflikt med ei vindmølle mellom seterhusa på setertunet. I følgje Høytomt er det heller ingen grunn til å tro at slike små vindmøller plassert ved bygningar vil vera er problematisk for fugl. Kunnskapsgrunnlaget (mnl § 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld fuglelivet i området. Det er ikkje nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet, nml § 9.

For å ivareta eit eigenarta og vakkert kulturlandskap der setermiljø er ein del av området sin eigenart, vil også seterturisme være en viktig form for bruk som en del av landbruks- og beitebruksnæring på setra. I forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det vil vera behov for å utvikle setrene til turisme i Finndalen, der det står følgjande om potensialet for fjellturisme, s. 131:

Området har 32 setrar, som ved tilrettelegging kan gje ein viss overnattingskapasitet.

Overnatting kan kombinerast med aktivitetar. Området er likevel av ein slik kvalitet at ein kan få ein del gjestedøgn utan tilrettelagde aktivitetar. Enkelte setrar kan også drive meir besøksorientert ved at gjester frå andre verksemder, også utafor området, kan kome for å oppleve setermiljøet på dags- og kveldsarrangement. Verksemder utafor området kan også utnytte friluftsverdiane i Finndalen. Utleige av hus på åremål kan også vere eit alternativ. Det er og potensiale for utleige i samband med jakt på hjortevilt og småvilt.

Ei aktiv landbruks- og beitebruksnæring i Finndalen, er også viktig for å kunne ivareta verneverdiane i området. Aktiv bruk bidreg til å ivareta opprettehalde setermiljø, kulturlandskap, naturbeitemark og biologisk mangfald. Fornybare energikjelder som solcelleanlegg er nødvendig på setre der det ikkje er infrastruktur med innlagt strøm. Ei lita vindmølle på 1kW vil ha nytteverdi for drift og seterturisme, da den skal supplere eksisterande solcelleanlegg, og erstatte diesellagggregatet. Det er positivt at diesellagggregatet blir erstatta med ei fornybar energikjelde.

Foreslått plassering av vindmølla på baksida av seterhusa mot skogen, vil etter forvaltar si vurdering vera minst mogleg skjemmaende for landskapsbilete. I tillegg vil søkjarane lakkere vindmølla mørk grøn slik at den blir minst mogleg synleg.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter kan få dispensasjon til liknande tiltak, vera til stade. Det er vurdert at sannsynlegheita for at det vil

bli mange liknande saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa og næringsaktørar knytt til landbruket i Finndalen og verneområda elles. Oppsetting av vindmølle er i denne saka knytt til å supplere eksisterande solcelleanlegg, og for å erstatte dieselaggregat. Løyvet til vindmølla er knytt til næringsverksemd på seter med husdyr og beitedyr, og ikkje til hytter og setre berre brukt til fritidsføremål. Tiltaket vil ikkje skape unødig presedens ved at mange andre i Finndalen kan sette opp vindmølle, da behovet er knytt til næringsverksemd i landbruket. Belastninga for verneverdiane synes å være akseptable, jf. nml § 10, «Økosystemtilnærming og samla belastning», da det er knytt til beitenæring og seter med aktivt husdyrhald.

Ut i frå ei samla vurdering vil ikkje plassering av den omsøkte vindmølla ha vesentleg negativ verknad på landskapets art eller karakter.

Vilkår vil avbøte på ulemper, da Nasjonalparkstyret kan krevja at vindmølla blir fjerna dersom det ikkje lenger er husdyrhald og driftsmessige behov for vindmølla.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at ein har god kunnskap om naturmangfaldet, og vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt under gjevne vilkår. Nasjonalparkforvaltaren vil understreke at dispensasjon i dette tilfelle er knytt til nytteverdien for seter med husdyrhald. Tiltaket er ikkje i strid med verneføremålet, og vil ikkje påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Trondheim, 01.07.2021

Deres ref.:
«REF»

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/3766

Saksbehandler:
Marit Doseth

Vedtak i klagesak om vindmølle på Sterringen seter i Finndalen landskapsvernområde

Vi viser til klage på Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak 23.11. 2020. Klagesaken ble oversendt fra Nasjonalparkstyret for Reinheimen 6. mars 2021. Miljødirektoratet har den 29. april 2021 mottatt ytterligere informasjon fra Naturvernforbundet Ottadalen og Sel vedrørende vindturbinen.

Vedtak

Miljødirektoratet opphever Nasjonalparkstyret sitt vedtak og sender saken tilbake til ny behandling, jf. forvaltningsloven § 34 fjerde ledd. Styret har behandlet søknaden etter verneforskriften § 3, pkt. 1.3 bokstav b) som bare gir dispensasjonsadgang til nye bygninger i landskapsvernområdet. Dersom det skal gis tillatelse til omsøkte vindmølle, må den eventuelt gis etter naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ i denne sak.

Kort om bakgrunnen for saken

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ga 23.11.2020 tillatelse til oppføring av vindmølle på Sterringen seter i Finndalen landskapsvernområde. Det ble satt vilkår om høyde, farge og plassering av vindmølla og at den skulle erstatte et fossilt drevet aggregat. Et siste vilkår var at Nasjonalparkstyret skal kunne kreve vindmølla fjernet dersom det ikke lenger er driftsmessig behov for den.

Vedtaket ble fattet med hjemmel i verneforskrift § 3, pkt. 1.3 bokstav b) for Finndalen landskapsvernområde.

Begrunnelse for klagen

Naturvernforbundet påklagde tillatelsen som var gitt. Det opplyses at de først ble kjent med saken ved omtale i avisen den 06.12.2020 og at de fikk tilsendt sakspapirene den 08.12.2020.

Naturvernforbundet er tvilende til at behovet for økt strømproduksjon er nødvendig for seterdriften (med husdyrhold), men at økt energibehov skyldes etableringen av seterturisme. Andre energikilder burde ifølge Naturvernforbundet vært vurdert, for eksempel solcellepanel.

Det legges til grunn at det ikke skal drives seterturisme om vinteren, og at det derfor ikke vil være behov for strøm da. Naturvernforbundet mener at en batteribank som er riktig dimensjonert med friske batterier vil klare seg gjennom vinteren uten ekstra lading når de er fulladet idet vinteren setter inn. Naturvernforbundet mener derfor det må være tilstrekkelig med et riktig dimensjonert, moderne solcellepanel.

Det reises også spørsmål om hvordan driften og vedlikeholdet er tenkt, særlig om vinteren da setra ligger langt fra kjørbare vei.

Naturvernforbundet mener at fjellturisme ikke kan likestilles med landbruksnæring og setring. Økt energibehov som skyldes seterturisme bør ikke medføre at det gis dispensasjon til vindmølle med hjemmel i verneforskriften.

En slik tillatelse til vindmølle vil også kunne skape en uheldig presedens, mener Naturvernforbundet. Det vises til at de fleste setrene ligger åpent til i landskapet og vindmøller vil være visuelt skjemmende og vil bryte med det tradisjonelle seterlandskapets bygningsmasse og utseende.

Naturvernforbundet er derfor uenig med Nasjonalparkstyret i at fordelene med å erstatte diesellaggregat med vindmølle er større enn ulempene dette vil ha for landskapsbilde og den samlede belastningen av området. Det vises til at landskapsvernområdet er et naturområde på grensa til nasjonalparken. Her er det store naturverdier som den varige verna elva Finna, gammel verna furuskog og bestand av ville arter som rein, kongeørn og jerv. Naturvernforbundet mener derfor at det er svært viktig å balansere seterdriften mot naturverdiene i Finndalen, slik at man kan ta vare på både kulturverdier og naturverdier for framtida.

Tilleggsmerknader fra Naturvernforbundet

Naturvernforbundet ga i brev til Miljødirektoratet datert 26. april 2021, supplerende opplysninger og bilder tatt av den oppførte vindmøllen i juli 2020, før den var omsøkt.



Hovedpunktene i klagen gjentas, nemlig at strøm fra vindmølla ikke er nødvendig for landbruksdriften. Videre at en tillatelse vil skape en uheldig presedens, det vises til at Finndalen har flere seterstøler med til sammen over 30 gamle setre, i tillegg til mange gamle fiske- og jaktbuer. Vindmøller og flaggstenger blir et skjemmende fremmedelement i dette åpne og gamle natur- og kulturmiljøet.

Naturvernforbundet mener det bør være større fokus på reduksjon i strømforbruket som en del av det grønne skiftet.

Kommentarer til klagen fra tiltakshavere

Nasjonalparkstyret forela klagen fra Naturforbundet til tiltakshaverne Mona og Arild Fallinggen, som besvarte henvendelsen i e-post 24.02.2021.

Innledningsvis opplyses det at det er montert et 3kw solcelleanlegg på setra, som fungerer godt og er riktig dimensjonert. Vindmølla er tenkt brukt til å lade batteribanken i mørke perioder. Siden setra ligger på baksiden av dalen, er solsesongen kortere.

Det opplyses at ønsket om vindmølla i hovedsak er begrunnet i jordbruksmessige behov, men det ønskes mulighet for å drive seterturisme Finndalen.

Tiltakshaverne er villige til å gi opplysninger om eller befaring av setra og alternativ energi dersom det ønskes. Vedlikeholdet opplyses å være godt ivaretatt og uproblematisk på setra.

Tiltakshaverne ønsker å bestemme selv når setra skal brukes og det opplyses at den også benyttes på vinteren, en bruk som forventes å øke.

Nasjonalparkstyret i Reinheimen sine vurderinger

Nasjonalparkstyret viser til at selv om tiltakshaverne har sluttet med melkeproduksjon, så bruker de setra på Sterringen i forbindelse med å ha dyr på beite, både storfe, geit og hest. Ei aktiv landbruks- og beitebruksnæring i Finndalen, er viktig for å kunne ivareta verneverdiene i området. Dette bidrar til å ivareta setermiljø, kulturlandskap, naturbeitemark og biologisk mangfold.

Det vises også til forvaltningsplanen for Reinheimen hvor det åpnes for å utnytte mulighetene for å benytte setrene i forbindelse med utøvelse av friluftsliv og turisme i Finndalen, ved for eksempel utleie av husvære jf. side 131.

Nasjonalparkstyret mener at tiltakshaverne som aktivt bruker setra i forbindelse med landbruksvirksomhet store deler av året og som nå har planer om å utvikle Sterringen seter til seterturisme, har behov for å utnytte eksisterende energianlegg. Å utnytte potensialet til eksisterende batteribank knyttet til solcelleanlegget og erstatte eksisterende dieselaggregat med ei vindmølle, mener styret er positivt. Vind er ei fornybar energikilde, og styret mener at en plassering bak setertunet ikke vil skade landskapsbildet nevneverdig. Avbøtende vilkår vil redusere ulempene.

Styret viser til at vernereglene åpner for oppføring av nødvendige bygninger til jordbruks- og seterformål. Dette omfatter de formål og bygninger som skal dekke driftsmessige behov etter gjeldende seterforskrift og fjellova jf. forvaltningsplan. Disse behovene vil kunne endre seg med tiden og etter gjeldende landbrukspolitik. I senere tid har tilleggsnæringer i landbruket vært satsingsområde.

Hvilke nye bygninger og anlegg som er nødvendige til jordbruksformål må vurderes konkret i hvert tilfelle. Den omsøkte vindmølla mener styret har stor nytteverdi for tiltakshaverne og vil ikke være til ulempe for setermiljøet.

Styret har også vurdert presedensvirkningene av en tillatelse og funnet at sannsynligheten for mange liknende saker vil være små. Styret har god oversikt over landbruksnæringen og aktørene knyttet til landbruket i Finndalen og verneområdene ellers. I denne saken vil oppføring av en vindmølle være knyttet til utvikling av ei natur- og kulturbasert næring på ei seter i drift og vil dermed ikke skape presedens for de hytter og husvære i Finndalen som benyttes til fritidsformål.

Miljødirektoratets vurderinger

Vi er klageinstans i saken, og kan derfor prøve alle sider av den. Vi kan også ta hensyn til nye omstendigheter og forhold som ikke er tatt opp i klagene.

Finndalen landskapsvernområde ble vernet ved kongelig resolusjon den 24. november 2006.

Formålet med vernet er å:

"- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging".

Området er vernet mot inngrep som vesentlig kan endre eller virke inn på landskapets art eller karakter. Det er derfor i utgangspunktet forbud blant annet mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygninger eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretninga, jf. verneforskriften § 3 punkt 1.1.

Naturvernforbundet opplyser i klagen at de først ble kjent med saken gjennom et oppslag i Gudbrandsdølen Dagningen den 06.12.2020. Nasjonalparkstyret sitt vedtak ble ekspedert den 10.12. 2020 og Naturvernforbundet sin klage er datert 20.12.2020. Ifølge forvaltningsloven § 29 er fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. Klagen er framsatt innen klagefristen.

Verneforskriften § 3 punkt 1.3 bokstav b) åpner for at forvaltningsmyndigheten kan gi dispensasjon fra byggeforbudet for oppføring av nødvendige nye bygninger til jordbruks- og seterformål. Vi legger til grunn at vindmølle av omsøkte type ikke er en bygning og det kan derfor ikke gis dispensasjon etter denne bestemmelsen i foreliggende tilfelle.

Siden verneforskriften ikke har bestemmelser som åpner for oppføring av vindmøllen, må søknaden vurderes etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ. Nasjonalparkstyret har ikke vurdert søknaden etter denne bestemmelsen og saken sendes derfor tilbake til styret for ny behandling. Naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ stiller andre vilkår for at dispensasjon kan innvilges enn verneforskriften § 3 punkt 1.3 bokstav b), og vi ber Nasjonalparkstyret vurdere om vilkårene for å gi dispensasjon etter denne bestemmelsen foreligger. Det vises også til naturmangfoldloven § 48 siste ledd, siste setning hvor det framgår at dersom det gis dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Knut Fossum
seksjonsleder

Marit Doseth
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:
Statsforvalteren i Innlandet



Arkivsaksnummer: 2019/14983-16

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 17.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	44/2021	24.09.2021

Tafjorden-Reindalen LVO - godkjenning av skjøtselsplan for Reindalsætra

Innstilling frå forvaltar

Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner vedlagt dokument «Skjøtselsplan for Reindalsætra i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde» datert 26.03 2020. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekt for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf naturmangfoldlovens § 47.

Godkjent skjøtselsplan vil danne grunnlag for skjøtselsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Utkast til skjøtselsplan for Vermedalen i Romsdalen landskapsvernområde 26.03.2020.

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/MU2020-17-Skjotselsplan-Reindalen-endelig.pdf

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har forvaltningsansvaret for Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde, og starta opp arbeidet med revidering av skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen, sommaren 2018.

Miljøfaglig Utredning har laga eit utkast til skjøtselsplan for Reindalen, innafor Tafjord-Reindalen landskapsvernområde i Fjord kommune. Arbeidet har inkludert ein kartlegging av naturtyper og naturverdier i kulturlandskapsområdene. Formålet har vært å få ein oppdatering av kunnskapen om verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og behov for skjøtsel.

Skjøtselsplana vart sendt på høyring til grunneigarar, kommune, statsforvaltar og Fylkeskommunen ila sommaren 2021. Det er ikkje kommet nokon merknader til plana.

Forvaltar har kun kommentert nokon skrivefeil.



I Reindalen er dei kjente naturfaglege verdiane særleg knytt til kalkrik fjellvegetasjon på Durmålshaugen og Hulderkoppen, på sørsida av dalen. Her veks det ei rad fjellplantar som er sjeldsynt så langt vest. Elles er det avgrensa med verdjar som er dokumentert, sjølv om dalen lenge har vore kjent for sine store, gamle furutre. Setervollen på Reindalsætra ser ut til å ha små biologiske verdjar no. Den har utvilsamt vore meir verdifull tidlegare, og restverdiane er difor nærare omtala og eit framlegg til skjøtselsplan lagt fram.

Kulturhistorisk har Reindalen vore ein viktig seterdal, og det har ikkje berre vore folk frå Norddal som har nytta han, men også Skjåkværingar. Seterdrifta tok slutt i 1948 og det er også lenge sidan buskap frå Skjåk vart frakta over hit for beiting. I tillegg har det vore mykje stor furuskog i dalen, og det er ein lang sagbrukstradisjon her. To sager, Jakobssaga og Reindals saga, har vorte restaurert i nyare tid og er viktige kulturminne. I tillegg er det eit heishus og andre spor etter taubanen som vart nytta for å frakte plank ned til fjorden, men dette står til nedfalls. Restaurering av dette anlegget kan vere ønskjeleg for å ta vare på eit heilskapleg bilete at den gamle skogbrukshistoria i dalen.

Det er sett fram forslag til bevaringsmål for setervollen og sagbruksanlegga. For kvart bevaringsmål er det føreslege konkrete skjøtsels- og bevaringstiltak for å nå måla, samt metodar for å evaluere om dei er oppnådd. (Miljøfaglig Utredning, Rapport MU2020-17)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Forvaltningsplan

Romsdalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap der omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal bli vektlagt.

Skjøtselstiltak som skal settes i gang bør være ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarkar blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.

Naturmangfaldlova

Skjøtelsplan for Vermedalen er i sin heilheit innretta for å ta vare på biologiske verdiar og det er ikkje funne relevant å vurdere skjøtelsplanen etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsippar i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jamfør § 7.

Naturmangfoldlovens § 47 om skjøtsel i verneområder

«I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.

Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjonar eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak. Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressursar eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikkje skje etter denne paragraf. Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig (211) varsles på forhånd.

Økonomiske fordelar ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren. Beslutningar om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikkje enkeltvedtak. Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Heilskaplege kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis, er i tilbakegang i Norge. Alle dei seminaturlege naturtypene er klassifisert som trua på Norsk rødliste for naturtyper 2018 (Hovstad mfl. 2018). Det er opphør av bruk som fører til gjengroing, som er vurdert å være den største trusselen for denne naturtypen (Hovstad mfl. 2018).

I skjøtelsplana er naturfaglege og kulturhistoriske verdiar innanfor Reindalen i Tafjord-Reindalen landskapsvernområde skildra. Det er lagt ein del vekt på den gamle Reindalssætra (Jakobselet/Gamlestølen), men også m.a. naturverdiar i andre delar av dalføret og kulturhistoriske verdiar knytt til sagbruksdrifta i dalen er omtala og vurdert.

Det er sett fram forslag til bevaringsmål for setervollen og sagbruksanlegga. For kvart bevaringsmål er det føreslege konkrete skjøtels- og bevaringstiltak for å nå måla, samt metodar for å evaluere om dei er oppnådd.

Forvalter legg til grunn at ein godkjent skjøtelsplan vil styrke søknad om midlar til skjøtsel. Det vil være viktig at nasjonalparkstyret følgjer opp skjøtelsplana med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølginga av bevaringsmål og med midlar til dei konkrete skjøtelstiltaka, for at det biologiske mangfoldet knytta til kulturlandskapet kan oppretthaldast.

Forvaltar tilrår at Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner det endelege utkastet til skjøtelsplan for Vermedalen i Romsdalen lvo, datert 23.03.2019.



Arkivsaksnummer: 2019/15334-20

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	45/2021	24.09.2021

Romsdalen Ivo - Godkjenning av skjøtselsplan for Vermedalen.

Innstilling frå forvaltar

Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner vedlagt dokument «Skjøtselsplan for Vermedalen i Romsdalen landskapsvernområde» datert 23.03 2020. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekt for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf naturmangfoldlovens § 47.

Godkjent skjøtselsplan vil danne grunnlag for skjøtselsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Utkast til skjøtselsplan for Vermedalen i Romsdalen landskapsvernområde 23.03.2020.

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/MU2020-16-Skjotselsplan-Vermedalen-utkast.pdf

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har forvaltningsansvaret for Romsdalen Landskapsvernområde, og starta opp arbeidet med revidering av skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen, sommaren 2018.

Miljøfaglig Utredning har laga eit utkast til skjøtselsplan for tre setervoller i Vermedalen, innanfor Romsdalen landskapsvernområde i Rauma kommune. Arbeidet har inkludert ein kartlegging av naturtyper og naturverdier i kulturlandskapsområdene. Formålet har vært å få ein oppdatering av kunnskapen om verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og behov for skjøtsel.

Skjøtselsplana vart sendt på høyring til grunneigarar, kommune, statsforvaltar og Fylkeskommunen ila sommaren 2021. Det er ikkje kommet nokon merknadar til plana.



Her er bilete av Sæterstølen, den innste stølen i Vermedalen.

Vermedalen er ein gammal seterdal, kor setringa opphøyrt på 1950-tallet. Fram til nyleg har det vært ganske høgt beitetrykk frå sau på utmarksbeite, men dette har blitt vesentleg redusert og var ubetydeleg i 2019. Frå tidlegare var det kartlagt to naturtypelokalitetar på setervollane i Vermedalen. Desse vart reinventert, og i tillegg vart ein ny setervoll kartlagt og beskrevet. Tilknytta desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane.

På Stavemstølen og Sæterstølen står det nokre gamle seterhus i varierende tilstand. Fleire av bygningane er godt vedlikehalde, i samsvar med tradisjonell og lokal byggeskikk, men det er også enkelte bygningar med stort behov for restaurering om dei skal bevaras.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formåls punkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Forvaltningsplanen

Romsdalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap der omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal bli vektlagt.

Skjøtselstiltak som skal settes i gang bør være ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarkar blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.

Naturmangfaldlova

Skjøtselsplan for Vermedalen er i sin heilheit innretta for å ta vare på biologiske verdiar og det er ikkje funne relevant å vurdere skjøtselsplanen etter naturmangfoldlovens miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder), jmfør § 7.

Naturmangfoldlovens § 47 om skjøtsel i verneområder

«I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak. Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf. Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig (211) varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren. Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak. Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Heilskaplege kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis, er i tilbakegang i Norge. Alle dei seminaturlege naturtypene er klassifisert som trua på Norsk rødliste for naturtyper 2018 (Hovstad mfl. 2018). Det er opphør av bruk som fører til gjengroing, som er vurdert å være den største trusselen for denne naturtypen (Hovstad mfl. 2018).

Miljøfaglig Utredning AS har utarbeida forslag til skjøtselsplan for dei tre setervollane Gamlestølen, Stavemstølen og Sæterstølen (Vermedalssætran) i Romsdalen landskapsvernområde.

Forvalter legg til grunn at ein godkjent skjøtselsplan vil styrke søknad om midlar til skjøtsel. Det vil være viktig at nasjonalparkstyret følgjer opp skjøtselsplanane med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølginga av bevaringsmål og med midlar til dei konkrete skjøtselstiltaka, for at det biologiske mangfoldet knytta til kulturlandskapet kan oppretthaldast.

Forvaltar tilrår at Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner det endelege utkastet til skjøtselsplan for Vermedalen i Romsdalen lvo, datert 23.03.2019.



Arkivsaksnummer: 2019/15331-13

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 15.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	46/2021	24.09.2021

Høring av utkast til skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen godkjenner forslag til Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Finndalen landskapsvernområde, med dei endringar som går fram av kommentarar til høyringsuttalane, oppsummert under vurderingar i saksutgreiinga.

Nasjonalparkforvaltaren skal ferdigstille framlegget til skjøtselsplan med endringar og rettingar etter høringa.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Forslag til skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde, rapport MU2019-17: https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Rapport-MU2019-17.-Finndalen-landskapsvernomrade-Skjotselsplan-for-helhetlige-kulturlandskap-i-verneområdet-UTKAST.pdf
- Kartlegging av tiltak for Hengegras i Finndalen Ivo 2019, rapport MU2020-12: https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/MU-2020-12-Hengegras_Finndalen2019.pdf
- Supplerende kartlegging og tiltak for hengegras i Finndalen Ivo 2020, rapportMU2020-21
- Kartlegging av tiltak for bevaring av rødlistede lav i setergrendene i Finndalen Ivo, Rapport MU2021-22: https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/MU-2021-22-Rodlistelav_Finndalen.pdf
- Referat frå oppstartsmøte og befaring i Finndalen 06.08.18
- Høyringsbrev, sendt på e-post 26.08.2019
- Høyringsuttale frå Statskog, 30.08.19
- Høyringsuttale frå Skjåk Almenning, 08.10.19
- Kommentar frå Miljødirektoratet 14.11.19
- Høyringsuttale frå Finndalen beite og bruksrettslag, 16.11.19
- Høyringsuttale frå Oppland fylkeskommune, 28.11.19
- Høyringsuttale frå Vågå kommune, 04.12.19

Saksopplysningar

Arbeidet med skjøtselsplan for Finndalen starta opp i 2018, i samband med revidering av 5 skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen. Det vart gjennomført parallelle planprosessar, for kulturlandskapa i Lordalen, Brøstdalen, Gravdehaug og Muldalen-Tafjordsætra,

Miljøfagleg utredning (MU) fekk i oppdrag å utarbeide skjøtselsplanar, som nå skal godkjennast etter høyring.

Bakgrunn og formål

Kulturlandskapet i Finndalen med verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, og er sentralt i verneføremålet (verneforskrifta §2). I tillegg er føremålet med landskapsvernområdet å ta vare på leveområdet til villrein og anna biologisk mangfald som pregar landskapet, og vakker og særprega vassdragsnatur.

Det er aktiv bruk med slått og beite over tid, som har forma kulturlandskapet og gjeve landskapet eigenart. Målet med skjøtselsplan er å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått redusert kvalitet. Det er gjennom skånsam bruk av kulturlandskapet at artsmangfald og dei skjøtselspåverka naturtypane kan takast vare på. Skjøtselsplanane skal såleis gje forvaltninga eit godt grunnlag for å kunne prioritere konkrete skjøtselstiltak i Finndalen som gir størst effekt for å ivareta naturtypar og artsmangfaldet for framtida.

Arbeidsform og framdrift

- Oppstartsmøte og synfaring i Finndalen 06.18.18, med lokale aktørar og brukarinteresser i området.
- Feltarbeid og kartlegging sommar/haust 2018, MU
- Oppsummering av feltarbeid, 30.11.18, forvaltarar, SNO, MU
- 1. utkast skjøtselsplan, 15.12.18, MU
- Presentasjon av skjøtselsplanar på styremøte i Reinheimen 18.03.19, MU
- Gjennomgang skjøtselsplanar 20.05.19, forvaltar, SNO, MU
- MU leverte forslag til skjøtselsplan for Finndalen 31.05.2019
- Høyring – 2-3 mnd hausten 2019, høyringsfrist 11.november 2019
- *Lokal presentasjon 10.03.20 i samband med høyring - AVLYST*
- *Endeleg godkjenning av skjøtselsplan i Nasjonalparkstyret – 24.09.21*

Høyringsprosessen har teke lang tid, men det er likevel gjennomført konkrete skjøtselstiltak i dialog med MU og private aktørar undervegs, for å oppretthalde ein kontinuitet i tiltak som er aktuelle å vidareføre, og for å komme i gang med viktige nye tiltak. Døme på det er inngjerding av Hengegras ved Finna elv på Breistulen, og rydding av eine på naturbeitemark på Sterringen.

Det er og gjennomført supplerande kartlegging av Hengegras langs Finna elv, og av raudelista lavartar i setergrendene og i Brettingsmoen naturreservat i 2020 og 2021. Grunn til at det er brukt ekstra tid på Hengegras er at det er ein raudelista art som er kritisk trua (CR), veks berre to stader i Noreg, i Finndalen og og i Kautokeino der den sterkt redusert. Trugsmålet i Finndalen er fyrst og fremst nedbeiting av kyr, men arten klarar seg godt med vegetativ formering og spreining.

Kartlegging av raudelista lavartar som furusotbeger (sårbar), vanleg sotbeger (nær trua) og ulvelav (nær trua) viser at førekomsten av sotbegerartane er unik i nasjonal samanheng, særleg furusotbeger.

Oppbygging av skjøtselsplan

Plan inneheld ein overordna del, med forvaltningsstatus, overordna skildring av landskapet, dagens bruk og brukshistorie, bevaringsmål for kulturlandskapet i Finndalen, og forslag til tiltak i området på overordna plan.

Kap. 4 – 6 inneheld skjøtselsplanar for kulturlandskapsområdene, dvs. setergrendene Breidstulen, Sterringen og Vangen, og er bygd opp slik:

1. Resultatar fra NiN-kartlegginga (Natur i Norge, kartleggingsystem for natur).
2. Naturtypelokaliteter og naturkvaliteter
3. Bevaringsmål og skjøtselstiltak
4. Nærmere beskrivelse av skjøtselstiltak

Forslag til aktuelle skjøtselstiltak er basert på faglege vurderingar og innspel frå brukarar.

Forslaga er omfattande og av omsyn til tilgjengelege ressursar må Nasjonalparkstyret prioritere kva for tiltak som kan setjast i gang i samarbeid med brukarar og andre lokale aktørar. For gjennomføring av konkrete skjøtselstiltak vil ein vera avhengig av tett og godt samarbeid med lokale brukarar/aktørar og tilgjengelege ressursar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Styret sine oppgåvar er skildra i kap.8 i vedtektene, der det mellom anna står om skjøtsel under kap. 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning:

«Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltningsplaner/skjøtselsplaner.

Styret kan som forvaltningsstyresmakt leggje til rette for at verneområda sitt potensial for verdiskaping utnyttast innafor ramma av verneforskriftene og naturmangfaldlova. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanane som omhandlar besøksstrategi. Styret skal ikkje opptre som næringsaktør, men bør i denne samanhengen innleie til eit samarbeid med lokalt reiseliv/øvrige reiseliv, samt det autoriserte besøkscenteret.

Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtsels- og forvaltningstiltak i verneområda i tråd med den fleirårige tiltaksplanen.

Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt. Styret vert tildelt midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i høve til vedtatte forvaltningsplaner/skjøtselsplanar etter søknad til Miljødirektoratet. Tildelingane skjer ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året. Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av dei tildelte midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjend forvaltnings- /tiltaksplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.»

Høyringa

Etter synfaringar og møte med Miljøfagleg utgreiing i 2019 vart rapporten etter fyrste utkast korrigert og gjort klar for høyring. Utkast til Skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde vert lagt ut på høyring 26.08.2019, med høyringsfrist 11.november 2019.

Det kom inn 6 høyringsuttaler innan fristen, frå Statskog, Skjåk Almenning, Miljødirektoratet, Finndalen beite- og bruksrettslag, Oppland fylkeskommune og Vågå kommune.

I samråd med Miljøfagleg utredning, vart det også planlagt eit møte med aktørar i Finndalen 11.mars 2020, for å orientere om skjøtselsplan, høyringa og opne for innspel og spørsmål. Møtet måtte dessverre avlysast da «Noreg stengde ned» 10.mars pga coronapandemien.

Vurdering

Uttalane er lista opp under med kommentarar til kvart punkt.

Høyringsuttale frå Statskog, 30.08.19

- Statskog (grunneigar i allmenningen), ser det som positivt at setre og beiteareal haldast i hevd på ein god måte. Dei har ingen spesielle innvendingar til sjølve skjøtselsplanen som legg opp til å ivareta kulturlandskapet.

Dei har presisert at det i statsallmenning er fjellstyret som forvaltar rettighetene til seter, beite, jakt og fiske, mens det er allmenningsstyret i samråd med Statskog som forvalter skogen/virkesretten. Setre, beitearealar og virkesrett er rettigheitar som er lagt til bestemte gardsbruk ut frå eiga lovverk. I planen er det fleire gongar nemnd «setereier», dette bør rettast til *seterbrukar* eller *rettighetshaver* ut frå at det som er eigd av seterbrukar/rettighetshaver er bygningar og ev. andre fysiske installasjonar, mens det øvrige er rettigheitar til bruk. Det er viktig at fjellstyret og allmenningsstyret blir involvert når det blir skrivne avtalar om skjøtsel med den enkelte seterbrukar/rettighetshaver, dette for å sikre at fjellova og lov om skogsdrift i statsallmenningane blir fulgt.

Kommentar: Merknader blir teke til etterretning. Setereier blir retta opp til seterbrukar i rapporten.

Høyringsuttale frå Skjåk Almenning, 08.10.19

- Skjåk Almenning meiner skjøtselsplanen set fokus på sentrale bevaringsmål i Finndalen landskapsvernområde. Forslaget med bevaringsmål, overvåkingsmetode, tilstandsklasse og aktuelle tiltak meiner vi er ei god løysing for skjøtselen av området. Planen legg også opp til ei fornuftig balanse mellom vern og arealbruk da det kjem tydeleg fram at bruk er avgjerande for mykje av artsmangfaldet i området. Beitedyr er nemnt som aktuelle tiltak gjentekne gongar, noko Skjåk Almenning tykkjer er særskilt viktig. Kanskje kan ein vurdere å trekkje inn revidering av lokale beitebruksplanar i Lom og Vågå kommune for å sikre framtidig beitebruk?

Kommentar: Beitedyr er i Finndalen er svært viktig for å halde i hevd naturbeitemark som er ein trua naturtype. Beitebruksnæringa ei viktig næring for kommunane i Ottadalen, og revidering av beitebruksplanar bør rettast til kommunane. Når det gjeld skjøtsel vil direkte samarbeid med beitebrukarar i Finndalen vera viktig for å ivareta konkrete verneverdiar knytt til kulturlandskapet.

- I høyringsbrevet står det at eit av føremåla med skjøtselsplanen er å ta vare på leveområda til villrein. Skjåk Almenning meiner at dette ikkje kjem tydeleg nok fram i planen. Sidan 2016 har villreinen stått på raudlista med status som sårbar. Vi meiner derfor at villreinen bør vera omtala som bevaringsmål med overvåkingsmål, tilstandsklasse og aktuelle tiltak. Overvåkingsmetode bør vera å fylgje med på bruk av naturlege kalvingsområde og trekkruiter. Aktuelle tiltak bør vera å hindre menneskeleg påverknad som til dømes sperregjerder i naturlege reinstrekk.
Kommentar: Eit av formåla til Finndalen lvo er å ivareta leveområde og trekkområde for villrein. Villrein kryssar Finndalen ved Breistulen og inna Vangen i løpet av året, og blir i hovudsak utanfor dei kulturpåverka areala på setrene. Skjøtselsplan er avgrensa til areal som naturmeitemark, seterkveer i eksisterande setermiljø, og det vil derfor ikkje vera relevant å trekke inn bevaringsmål knytt til villrein i denne samanheng. Det blir her vist til det pågåande arbeidet med Kvalitetsnorm for villrein, som skal bli eit betre verktøy for å sikre tilstrekkelege gode leveområde for villren.

- Merknadar på enkelte stadnamn: Gupphagesætre, Bøjesætren og Bølesætre. Det riktige namnet skal vera Gubbhagesætre, Bøyesætren og Bøhlesætre.
Kommentar: Merknaden blir teke til etterretning og retta opp i rapporten.

Høyringsuttale frå Finndalen beite og bruksrettslag, 16.11.19

- Finndalen beite- og bruksrettslag er eit lag for dei med beiterett og seter i Finndalen. og er stolte av seter- og kulturlandskapet, som er forma etter lang tids bruk frå før 1300-talet. Dei ønskjer å vera med å sikre verdiane framover, og er gla for at det er utarbeidd ein skjøtselsplan.
Kommentar: Positivt signal for vidare i samarbeid om kulturlandskapsverdiar i Finndalen landskapsvernområde.
- Presiseringar og rettingar til faktadelen:
 - s.3 - det er ei større forekomst av ulvelav frå nybrua og Vinkjellaren og sør og austover
 - s.6 - Med unntak av 4-5 gardar i Lom er det gardar i Skjåk og Skårvangen (Vågå) som har beiterett i Finndalen. Med unntak av 4 gardar som ikkje i Lom tilhøyrar alle setrene gardar i Skjåk. Forventar at dette kjem klårare fram.
 - s.11 – Det er vesentleg mindre nedbør innover Finndalen enn på målestasjon på Preststulen
 - s.12 – Rett *storfosens* til Storofsen. Det er rett at berre 2 setre ikkje vart flytta etter storofsen, men 2 av dei andre setrene vart flytta til andre sida av Finna, og dei resterande vart flytta søraust for Råkaelva. Det er stilt spørsmål med «utmarksgjerde aust for Odden. På Vangen er det spor etter vassveitene på alle seterkveer. Det er og vassveig frå Lokra på Meramstadsetra.
 - s.34 – Dei fleste setrene slutta med setring før 1940, mange i 1938. Den siste var Øygardssetra som slutta i 1942.
 - s.57 – Det står at floraen på Øvre Bakka setra indikerar at det ikkje er lenge sidan slått opphørte. Det har ikkje vore slått der sidan slutten av 1940-talet.
 - s.24 – Vangsetra skal rettast til Vangesetra. Kolstadsetra er ikkje ein del av «Kyrkjegarden». Kvea til Kolstadsetra ligg nedanfor Finndalsvegen.**Kommentar:** Presisering og retting av fakta vert teke til etterretning og blir retta opp i rapporten.
- Set pris på at registrering av gamle setervegar og ferdselsvegar blir nemnd som tiltak. Ønskjer at setereigarar, beite- og skogbrukarar blir brukt ved registrering og innsamling av stadnamn (s.17). Det hastar med registrering av Tiltak med inngjerding må skje i samråd med aktuelle beitebrukarar i området og ikkje vera til fare for beitedyra. Pålagte tiltak på husa og kveene må ikkje føre til ekstra kostnad og ulemper for eigarane.
Kommentar: Tiltaka i skjøtselsplan er forslag til tiltak, og aktuelle skal fremme formålet med vernet for å kunne setjast i verk. Aktuelle tiltak skal avklarast med lokale aktørar, grunneigar og bruksrettshavarar, før gjennomføring. Det er ønskje om lokalt tenestekjøp av private brukarar for å gjennomføre konkrete skjøtselstiltak, når det ligg til rette for det. I slike tilfelle blir det skrive avtalar.
- Det er ønskje om tilskott til stakett gjerde og innkjøp av kløyvar
Kommentar: Nasjonalparkstyret kan søkje om midler til å gjennomføre tiltak gjennom den årelge bestillingsdialogen. Midlane vert tildelt over Statsbudsjettet, men årlege tildelingar er usikre. Nasjonalparkstyret disponerar såleis inga tilskopsordning som private kan søkje på, men forvaltninga ønskjer å inngå avtaler om tenestekjøp, jf. pkt. over.

- Det er ønskje om ei registrering av vekster på gamle utslåttar som t.d den gamle setra i Kvitgrovlien, og meir systematisk registrering av kulturminner, gamle setervegar ferdselsvegar, stadnamn, bruar, historiar, dyregraver, kolgroper, jerngroper..
Kommentar: Det finst ein god del registreringar som truleg ikkje er godt nok systematisert. Systematisk registrering vil vera eit større prosjekt der også kulturminnemyndigheita i Innlandet fylkeskommune må koblast på (sjå merknad frå fylkeskommunen).
- Det er ønskje om restaurering av gamle murar som har vore nytta til inngjerding av seterkvæver, (steingjerde på Buodden) og utleggsbrua på Sterringen og Bakkebrua på Vangen.
Kommentar: Innspelet er registrert, men krev også ei vurdering av kulturminnemyndigheit i Innlandet fylkeskommune.
- Sluttkommentar:
Planen må skilje mellom Breistulen og Odden. Det rette namnet på Odden er og Gjerdingodden. Skjøtselstiltak må ikkje vera til hinder for bruken av setrene og området etter «tida og tilhøva»
Det er og vist til kriftlege kjelder som «Sætra og bygda» av Stein Grjøtheim, som kunne vore nytta i arbeidet.
Bruksrettslaget sakna eit møte med lokale aktørar før forslaget til plan vart slutført, men også etter at planen er vedteken.
Kommentar: Gjerdingsodden skal rettast opp i planen. Merknaden om skriftlege kjelder vert teke til etterretning, da oppdragsgjevar og oppdragstakar ikkje var kjend med denne i forkant av arbeidet. Det var planlagt fagdag i Finndalen og møter utover oppstartsmøte i aug. 2018. Både fagdag og høyringsmøte vart dessverre avlyst, det siste pga av coronapandemien.

Høyringsuttale frå Oppland fylkeskommune (nå Innlandet), 28.11.19

- Oppland fylkeskommune mener det er gjort et godt arbeid i forslag til skjøtelsplan, særlig for setergrendene Breistulen, Sterringen og Vangen med bygninger, setervoller, seterveier og vassveger. De saknar ein meir heilskapleg gjennomgang av verdiane i kulturlandskapet spesielt verdiane som ligg i bygningsmiljø og automatisk freda kulturminner. Det kan ligge automatisk freda kulturminne i skjøtelsområda eller knytt til setervegan som det kan vera aktuelt å framheve og drive skjøtsel på.
Kommentar: Det kan vera aktuelt å lage ein eiga skjøtelsplan for kulturminne og bygningsmiljø, da det berre er bygningar som er direkte knytt til skjøtsel av areal som er prioritert i denne plan.
- Positivt med bevaringsmål knytt til ferdselsvegar og bygningsmiljø, men seterområdene er ikkje registrert i AFK (automatisk freda kulturminner), og kulturminnemyndigheita må involverast i prosessen når det gjeld tiltak knytt til ferdselsvegar.
Kommentar: Det er i trå med forvaltningsplan der det er krav om samråd med kulturminnesstyresmakta når det gjeld resturering, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- For å kunne ta stilling bevaringsmål for bygningsmiljøet saknar fylkeskommunen ein oversikt over bygningstypar og byggemåtar som er representert innenfor området. Det er utarbeidet et bevaringsmål for tømmerbygninger i ubehandlet furu, men vi kjenner ikkje til om det finnes andre typer bygninger som for eksempel reisverksbygninger eller steinhus. Sidan det står i rapporten at alle setrer med setervollar og bygninger ble dokumentert med bilete, burde det i tilfelle liggje tilgjengeleg som eit vedlegg til skjøtelsplan. Dersom ikkje alle bygninger er

dokumentert er det vanskelig å fastslå kva som er nivå i 2018, og det blir vanskeleg å følge opp dette bevaringsmålet.

Kommentar: Merknaden vert teke til etterretning. Vi vurderar å utarbeide ein eiga byggjeveileder for heile verneområde der byggeskikk, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og bygningsmiljø, blir tema.

- For å kunne ta stilling bevaringsmål for vassvegar saknar fylkeskommunen ein oversikt og kartfesting og kor dei ligg. Dersom ikkje alle vassvegar er dokumentert, er det vanskelig å fastslå kva som er nivå i 2018, og såleis vanskeleg å følgje opp bevaringsmålet.

Kommentar: Forvaltar vil undersøke om Lom/Skjåk kommune kan ha registrert vassveigar til setrene som ein kan supplere planen med.

- Det er ikkje nok kunnskap i dag for å definere presise tilstandsklassar for bygningsmassa og gode tiltak for å bevare bygningane. Kulturvernmyndigheta bør involverast i dette arbeidet, og det blir bede om at ordlyden i innledninga til bevaringsmålene (s14) endres til "*... er det viktig at restaurering av eldre bygningar skjer i samsvar med lokal/tradisjonell byggeskikk og i samråd med bygningsantikvarisk myndighet*".

Kommentar: Greitt med presisering avinnleiing til bevaringsmål på s.13.

- Merknad om at historikken av seterdrift, bygningsmiljø og tidlegare bruk av området er knapt skildra i forslag til skjøtelsplan, og at den bør suppleres.

Kommentar: Enig i at historikken er i knappaste laget. Ei betre utdjuing av setermiljø kan vera aktuelt i ein eiga byggjeveileder for heile verneområde, jf. pkt. over.

- Det bør presiserast at det ikkje er gått like nøye inn på kulturminnetemaet i området. Fylkeskommunen ønskjer at kulturminnetema (bygningsmiljø eller kulturminner) er meir systematisk synleggjort i planen, også på kart og i bilete. Dette bør blir supplert for å betre vidare forvaltning og skjøtsel av området. Kulturvernmyndigheitene ønskjer å vera i dialog og bistå med vår kunnskap i det vidare arbeidet.

Kommentar: Forvaltninga har behov for betre kunnskapsgrunnlaget når det gjeld verdivurdering og tilstand til byningsmiljø og kulturminner. Merknadane vert teke til etterretning, og det er ønskje om eit samarbeidsprosjekt med kulturminnemyndigheita for å betre kunnskapsgrunnlaget for kulturminner, bygningar/bygningsmiljø og kulturmiljø i verneområdet.

Høyringsuttale frå Vågå kommune, 04.12:

- Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning i Vågå kommune har behandla skjøtelsplan i møte 29.11.2019, sak 77/19. Vågå kommune tek rapporten til etterretning, og meiner den med forslag til skjøtselstiltak legg eit godt grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning og ivaretaking av dei verneverdiar som inngår i verneformålet.

Kommentar: Positivt at Vågå kommune har behandla planen i politisk utval.

Kommentar frå Miljødirektoratet 14.11.19

- Miljødirektoratet har generelle kommentarar til skjøtelsplanen for Finndalen landskapsvernområde, og har ikkje gjennomgått dei faglege vurderingane som ligg til grunn i planen.

Det er vist til at ein skulle følgje malen til skjøtelsplanar for heilskaplege kulturlandskap utarbeida av NIBIO i 2017. Miljødirektoratet kan ikkje sjå av rapporten at malen er brukt. Dersom malen er brukt, er det ønskje om at det går fram korleis den er brukt.

Kommentar: Oppdragsgjevar har stilt krav om at NIBIO-malen skal leggjast til grunn. MU har brukt malen og involvert lokale aktørar i arbeidet. Merknaden frå er teke opp med MU som vil supplere for å vise til NIBIO-malen i rapporten.

- Det er vist til system for overvåking av lokale bevaringsmål (NatStat) med ønskje om at systemet blir teke i bruk for bevaringsmålene som er satt i skjøtelsesplanane, så fort som mogleg. Systemet skal etter kvart kunne gje ein god indikasjon på tilstand i verneområdet og naturtypar på landsbasis.

Kommentar: Forvaltarar og SNO var saman med MU på feltdag i Finndalen i juni 2021 for å definere konkrete bevaringsmål på 2 aktuelle lokalitetar. Plan er at lokalitet for Hengegras og ei opnare naturbeitemark på Gammen Sterringe no blir registrert i NatStat.



Arkivsaksnummer: 2021/8804-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 15.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	47/2021	24.09.2021

Reinheimen NP - bruk av kommersiell logo - Ræin AS

Innstilling frå forvaltar

Ræin AS innfrir kriteria for å nytte det kommersielle merket for Reinheimen nasjonalpark. Nasjonalparkstyret for Reinheimen gir Ræin AS løyve til å nytte den kommersielle logoen for Reinheimen nasjonalpark etter gitte kriteria.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Retningslinjer for bruk av kommersiell logo må følges (Nasjonalparkstyret for Reinheimen, 22.04.2021).
- Løyve gjeld fram til utgangen av 2023.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post 20. aug 2021.

Styrevedtak ST 11/2021, 12.03.2021.

Retningslinjer for kommersiell bruk av nasjonalparkens logo, 22.04. 2021.

Saksopplysningar

Britt Walle frå Tafjord er dagleg leiar i opplevning og gaidingfirmaet Ræin AS, som har sin base i Tafjorden. Dei gaidar både utanfor og innanfor nasjonalparken.

Firmaet har stor fokus på bærekraftige opplevingar som er ein del av konseptet (derav namnet Ræin). På sin nettside står det slik i beskrivinga av firmaet (<https://www.raein.no/om-oss>) :

BÆREKRAFTIGE OPPLEVINGAR

I eit naturrikt land som Norge kan ein ikkje oppleve natur utan kultur, og motsatt. Takka væra lokalsamfunn, ildsjeler, bidragsytarar, besøkjande, deg og meg, kan vi i fellesskap bidra til aktivitet som bevarar vår natur og kulturarv. Vår visjon er å bidra til eit meir bærekraftig reiseliv gjennom aktiv formidling, og gode samarbeid med lokale bedrifter som bidreg til bevaring av natur, kultur og lokalsamfunn. Dette fokuset har vi i alt frå forretnings-struktur til detaljert turplanlegging. Friluftsmiljøet har dei siste åra

fått mykje kritikk rundt tema bærekraft. Eventyrlysta hos oss mennesker kjem aldri til å forsvinne, so når ein først skal ut på tur - so er det vel godt å vite at di oppleving kan gjere noko positivt?

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtok på styremøtet 12.03.21 følgjande kriterier for å kunne ta i bruk kommersielt merke for Reinheimen nasjonalpark.

- Tildeling av tilhørlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil tre år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere miljøvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken: - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad. - Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.
- Retningsliner for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2023. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningsliner skal evaluerast før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga. Styret legg elles vedlagte nasjonale retningsliner til grunn for søknad og tildeling.

Søknaden

Det er tenkt å bruke logoen «skjer i» på turar kor vi er innanfor nasjonalparkgrensa. Aktuelle turar er lengre fot-og fjellskiturar enten hytte til hytte, eller med telt. Eg har allereie vore i dialog med Mari Rødstøl, om kommersiell ferdsel i Reinheimen, og vil følge opp evt. søknad og løyve til aktuelle aktivitetar.

Logoen «ved» ser vi for oss å bruke på aktivitetar i Tafjord-bygda, samt i generell marknadsføring av bedrifta Ræin då vi har kontorstad og base på Tafjord kai. For mange av våre besøkande er

Reinheimen ein ukjent nasjonalpark, og vi bruker derfor å formidle grunnleggande kunnskap og informasjon om nasjonalparken på turar i Tafjord. Spesielt er informasjonen fangstanlegg, villrein og tidligare tamreindrift i Rødalen aktuelle tema. Her er det å «oppleve utan å besøke» strategien.

Som villreinoppsyn i Reinheimen og utdanning innan naturoppsyn, strevar vi alltid etter å utvikle best mogleg aktivitetar med hensyn til verneverdiar, villreinen og besøkstrategi. Dette vil naturleg være ein vegvisar for vår aktivitet innanfor nasjonalparken, samt korleis vi marknadsfører produkt innanfor nasjonalparken. På alle våre turar har vi eit sterkt fokus på formidling av sporløs ferdsel, fauna, kultur og bærekraft. Det å gi gjestar eit «ansvar» til personleg påvirkning på naturverdiar, er for oss viktig i håp om at gjesten vil bli meir bevisst i kvardagslege valg etter tur med oss.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å *ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.* Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å *ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.*

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Det er lagt til rette for at verksemdar med geografisk tilhøyrslø til ein nasjonalpark kan søke om løyve til å nytte eit spesiallaga merke for denne merkevara saman med logo for eigen verksemd i marknadsføringa av eit produkt, teneste eller aktivitet.

Det kommersielle merket er utvikla for å gi ein moglegheit til å marknadsføre ein bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Noregs nasjonalparker, og seier noko om geografisk tilhøyrslø til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtok 12.03.2021 egne kriteria for bruk av det kommersielle merket.

Bedrifta RÆIN AS innfrir alle kriteria som er satt både nasjonalt og nasjonalparkens egne kriteria, som fokus på kvalitet, naturvern og ved å være lokalt forankra.

Løyvet må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Når det gjeld kriteria for bruk av det kommersielle merket, har vi nasjonale retningslinjer og nasjonalparkens egne kriterie som vart satt tidlegare i år. Bedrifta Ræin as innfrir alle kriterie. Føre-var-prinsippet (§ 9), § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", §11 om kostnad ved miljøforringelse skal beres av tiltakshavar og § 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje relevant.

Britt Walle er sjølv naturoppsyn i reinsjakta og har stor forståing for verneverdiane i nasjonalparken. Slik bedrifta utøve reiseverksemda si, vil dei kunne gje viktig informasjon om verneområda og kva som skal til for at vi skal kunne ta vare på dei. Vi ser det som positivt at bedrifta hennar, RÆIN AS, kan nytte det kommersielle merket ved logoen sin.



Arkivsaksnummer: SAKSNR-NRISAK

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: BREVDATO

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	48/2021	24.09.2021

Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Innstilling frå forvaltar

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil påverke verneområdet negativt, eller skape auka trafikk i villrein sitt leveområde, og i kulturlandskapsområder der det er ei aktiv beitebruksnæring.

Sidan det eksisterar mange byggverk av ulik karakter i verneområda, vil enkelttiltak kunne utløyse søknadsplikt etter verneforskrift, og i mange tilfelle også parallell vurdering etter både PBL og verneforskrift. For å sikre effektiv saksbehandling og tilstrekkeleg informasjon til både saksbehandlar og søkjarar, har nasjonalparkstyret følgjande merknad til planføresegnene:

3.1.4 Antenner, vindmøller m.m. (PBL § 11-9, nr. 6):

Det bør leggest til i føresegnene at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Her må det søkast om dispensasjon frå verneforskrift, og generelt vil dette ofte vera innretningar som kan påverke verneverdien i landskapet negativt.

3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustadar (PBL § 11-9, nr. 6):

Det bør presiserast i føresegnene under f) at inngjerding av hytter og buer i verneområde er forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift. Innafor Finndalen landskapsvernområde er også bygging av terrasse, veranda og platting forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift.

3.7 Område for råstoffutvinning (M54 og M95):

Når det gjeld masseuttak i Finndalen bør det i føresegnene gå fram at det skal søkjast vernemyndigheita om uttak av lausmassar frå områda M54 og M95 avsett til formålet gjennom forvaltningsplan for Reinheimen.

Det er positivt at det i føresegnene, pkt. 5.1.2, h) er presisert at det er krav om søknad og godkjenning frå vernemyndigheita for alle tiltak i område verna etter naturmangfaldlova.

I områder som er bandlagt etter naturmangfaldlova (H720) vil mange tiltak krevje godkjenning etter fleire lovverk, t.d. naturmangfaldlova, verneforskrift, fjellova, seterforskrift og PBL. Sidan det er fleire store verneområde i kommunen, med byggverk og anlegg i ulike formar bør det i innleiinga til kommuneplanen sine føresegner, utformast ein tekst som presiserar kva for tiltak som skal behandlast etter fleire lovverk.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev av 30.08.21 frå Lom kommune med tilhøyrande plandokument og orientering om høyring med forlenga frist for høyring til 30. september.
- Alle plandokumenta er tilgjengeleg på kommunen si heimeside:
<https://www.lom.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/offentleg-hoyring-kommuneplanens-arealdel-for-lom-2021-2030.50268.aspx> Særleg sentrale er desse:
A) Planomtale - <https://www.lom.kommune.no/f/ic7ae4fb9-d304-4ec4-ad34-a49f18f39680/vedlegg1-kp-lom-planomtale.pdf>
B) Plankart sør, som omfattar Jotunheimen nasjonalpark - https://www.lom.kommune.no/f/ia2d9c01b-836f-4365-ac2c-8652853448e6/2_plankart2_kp_lom_sore-del-av-kommunen_off1.pdf
C) Plankart randsone ved Juvasshytta/Galdhøpiggen sommarskisenter - https://www.lom.kommune.no/f/i549ae660-98c9-4792-9d6b-9b6680302a0a/10_plankart10_juvasshytta_off1.pdf
D) Planføresegner og retningslinjer - <https://www.lom.kommune.no/f/i021fce61-4974-4706-814b-741dc2d7681e/vedlegg2-kp-lom-planforesegner.pdf>

Saksopplysningar

Hovudføremålet med arealdelen er å leggje til rette for ei overordna styring av arealbruken i kommunen, og kan både stimulere og redusere bruk og aktivitet gjennom føringar i planen. Arealdelen er ein juridisk bindande plan.

Innanfor nasjonalparken landskapsvernområda Ottadalen og Finndalen er verneforskrifta styrande for arealbruken, og det kan ikkje leggjast inn arealbruksformål som er i strid med verneformål og forskrift i dei områda.

Arealbruk som blir foreslått i randsonen kan påverke verneverdiane innanfor vernegrensene.

Dette er utgangspunktet for saksutgreiinga. Det er berre areala innan nasjonalparken og landskapsvernområda, og tiltak som kan tenkjast å få påverknad på verneverdiane innanfor vernegrensene, som blir lagt fram for vurdering for nasjonalparkstyret som høyringspart.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Formål med Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde er i hovudsak knytt til store naturverdiar for å sikre villrein sitt leveområde i eit stort samanhengande villmarksprega høg fjellfjell. Eit eigenarta høg fjellsøkosystem med variert biologisk mangfald, vassdragsnatur og kulturlandskap er og ein del av verneføremålet.

Verneverdiane i Finndalen landskapsvernområde er særleg knytt til natur- og kulturlandskapsverdiar, der setermiljø og vassdragsmiljø utgjer ein vesentleg del.

Verneforskriftene gjeld ikkje utanfor vernegrensene, men etter § 49 i naturmangfaldlova (nml.), skal myndigheit som behandlar saker etter annan lov som kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde ta omsyn til desse verdiane i si vurdering.

Naturmangfaldlova

§ 49 i naturmangfaldlova omhandlar «utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde», og gjev følgjande føringar: «Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»

Vurdering

Arealbruk i randsonene til verneområdet kan i større eller mindre grad påverke verneverdiene. Tilrettelegging med innfallsportar er døme på arealbruk utanfor som bidra til å trekkje ferdsel inn mot eit bestemt område, men som også kan ha positiv påverknad på verneverdiene gjennom informasjon og tilrettelegging for friluftsliv.

Større tiltak som nye byggeområde for næring, fritidsbustader og ny infrastruktur kan på same måte i nokre tilfelle verke negativt på verneverdiene, ved at ein får ferdsel inn i sårbare område.

Arealplanen for Lom legg ikkje opp til ny infrastruktur eller større utbyggingar eller i nærleiken av verneområdet Reinheimen. Ein ser derfor ikkje spesielle område i planen som bør kommenterast nærare med utgangspunkt i § 49 i naturmangfaldlova.

Arealplanen for Lom legg ikkje opp til ny infrastruktur eller utbyggingar innafør vernområde innan grensene for Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen og Finndalen landskapsvernområde og Brettingsmoen naturreservat. Men sidan det eksisterar mange byggverk av ulik karakter i verneområda, vil enkelttiltak kunne utløyse søknadsplikt etter verneforskrift, og i mange tilfelle også paralell vurdring både etter både PBL og verneforskrift. For å sikre effektiv saksbehandling og tilstrekkeleg informasjon til både saksbehandlar og søkjarar, har nasjonalparkstyret følgjande merknad til planføresegnene:

3.1.4 Antenner, vindmøller m.m. (PBL § 11-9, nr. 6):

Det bør leggest til i føresegnene at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Her må det søkast om dispensasjon frå verneforskrift, og generelt vil dette ofte vera innretningar som kan påverke verneverdien landskap negativt.

3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustadar (PBL § 11-9, nr. 6):

Det bør presiserast i føresegnene under f) at inngjerding av hytter og buer i verneområde er forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift. Innafor Finndalen landskapsvernområde er også bygging av terrasse, veranda og platting forbode og krev dispensasjon frå verneforskrift.

3.7 Område for råstoffutvinning (M54 og M95):

Når det gjeld masseuttak i Finndalen bør det i føresegnene gå fram at det skal søkjast vernemyndigheita om uttak av lausmassar frå områda M54 og M95 avsett til formålet gjennom forvaltningsplan for Reinheimen.

Elles er det positivt at det i føresegnene, pkt. 5.1.2, h) er presisert at det er krav om søknad og godkjenning frå vernemyndigheita for alle tiltak i område verna etter naturmangfaldlova.

I områder som er bandlagt etter naturmangfaldlova (H720) vil mange tiltak krevje godkjenning etter fleire lovverk, t.d. naturmangfaldlova, verneforskrift, fjellova, seterforskrift og PBL. Sidan det er fleire store verneområde i kommunen, med byggverk og anlegg i ulike formar bør det i innleiinga til kommuneplanen sine føresegner utformast ein tekst som presiserar kva for tiltak som skal behandlast etter fleire lovverk.



Arkivsaksnummer: 2021/8521-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.09.2021

Utval	Utvallssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	49/2021	24.09.2021

Klage på vedtak frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - barmark - motorbåt - Rauma kommune

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga til Naturvernforbundet i Møre og Romsdal til følgje.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på delegerte vedtak i sak 2021/8521, om å gje dispensasjon til motorferdsel ved Ulvådalsvatnet i Romsdalen landskapsvernområde og i Reinheimen nasjonalpark i samband med skadefellingsløyve på jerv.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Rauma kommune 12. august.

Dispensasjon frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen sak: 2021/8521

Klage frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal 2.9.2021

Saksopplysningar

Rauma kommune søkte 12. august om å nytte motorisert køyretøy på vegen over Tunga og på båt over Ulvådalsvatnet, for å transportere kommunalt oppnemnd skadefellingslag. Dei søkte om 10 turar for 2021, om statsforvaltaren i Møre og Romsdal skulle gje skadefellingsløyve på jerv. Om det blir gitt løyve, kan det haste med å komme seg ut, og då var det ein fordel å ha køyreløyvet klart.

Commented [RMM1]: A kommune

Klagefrist og klagerett

Klaga frå Naturvernforbundet er datert 02.09.2021. Delegert vedtak ble ekspedert på e-post 17.08.2021. Naturvernforbundet ved leiar Øystein Folden skriv at dei fekk kjennskap i saka gjennom Miljøvedtaksregisteret 19.08.2021. Dei inneheld klagefristen.

Det går fram av forvaltningslova § 28 første ledd at «*parter og andre som har rettslig klageinteresse i saken*» kan klage på enkeltvedtaket. Kven som er part, er nærare definert forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav e): «*person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder*».

Det er vanskelegare å avgrense kven som har «*rettslig klageinteresse*» av et vedtak. Relevante moment i vurderinga vil være om det er ein aktuell interesse, tilknytning til saka, om det er eit konkurranseforhold, avhengigheitsforhold, naboforhold, arving eller kjøpar osv. etter kvart er det i langt større grad enn tidligare også aksept for at organisasjonar kan ha rettsleg klageinteresse. For dei som har rettsleg klageinteresse, og som ikkje har fått skriftleg underretning, løper fristen først frå det tidspunkt dei har fått eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal er lokallag under Naturvernforbundet som jobber med saker innan miljø- og naturvern, og vil etter denne definisjon ha «rettsleg klageinteresse» av vedtak etter verneforskrift og naturmangfaldlova.

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga frå naturvernforbundet gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal «*foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for*», jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv. Nasjonalparkstyret skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak. Dersom nokon er «*motpart*» i saka skal vedkommande varslast om klaga og få høve til å uttale seg.

Klagen

Vi viser til dykkar ref 2021/8521-2, vedtak dagsett 17.8.2021. Naturvernforbundet klagar på vedtaket som vi fekk kjennskap til på Miljøvedtaksregisteret 19.8.2021. Naturvernforbundet har arbeid med biologisk mangfald som hovudføremål. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Vi meiner det er i strid med verneføremålet å legge til rette for jakt på jerv i nasjonalparken, og ønskjer difor denne saka avgjort med eit avslag.

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høg fjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skjje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Landbruk og beite for husdyr er ikkje nemnt. Villreinstammen og høg fjellsøkosystem derimot verkar å vere heilt sentralt. I eit høg fjellsøkosystem høyrer både rein og jerv til. Det må difor vere ein viss bestand av baa artane for at økosystemet skal fungere.

Romsdalen landskapsvernområde får inn kulturlandskap i tillegg:
å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

Ein kan merke seg at omsynet til kulturlandskapet er avgrensa mest til setervollar og i alle fall ikkje overordna høgjellsøkosystemet og villreinen. Beitebruk er nemnt, men langt på veg berre som kulturminne.

Dei seinare åra er vi minna på at store rovdyr er viktig i eit slikt økosystem. I samband med utbrot av skrantesjuka lenger sør, er det ein del som peikar på at jerven kanskje kunne hatt ei rolle viss arten var i området, sidan dyret naturleg vil fange svake dyr. Jerven gjer dette heile døgeret, heile året, Jegerar gjer det berre ei kort tid på hausten, og har nok heller ikkje den same tefta for dette som rovdyr har.

Skrantesjuka er ikkje under kontroll. Det er difor viktig at det er jerv i Reinheimen som kan passe på at skrantesjuka ikkje spreier seg vidare nordover. Det ville ha vore viktig også utan påvist skrantesjuka, sidan samspelet mellom rein og jerv vil førebygge spreining av andre sjukdomar også. I eit slikt lys blir det feil i dette vedtaket med vurderinga i saka når det mellom anna blir uttalt: *«I dette tilfelle vurderer vi at motorisert ferdsel i dette omfanget ikkje vil stride mot vernevedtakets formål og det vil i tillegg ta hensyn til vesentlege samfunnsinteresser om statsforvalteren har gitt skadefellingsløyve.»*

Statsforvaltaren og verneområdestyret handsamar denne saka etter forskjellig regelverk, sidan organa har ulike føremål. Statsforvaltaren skal vege omsyn mellom beitebruk og rovvilt. Vi trur ikkje vi har sett at det i den samanheng er vist til kva samfunnsnyttan er. Anten ein tenkjer at rovvilt er ein kostnad knytt til at ein driv landbruk eller at kostnaden har med naturmangfaldet å gjere, så er det ein nødvendig kostnad. Det er t.d. ikkje aktuelt å utrydde dyreartar fordi dei tilsynelatande ikkje løner seg.

Forvaltingsplanen for store rovdyr har sett som mål at det skal vere 3 årlege ynglingar i forvaltingsområdet i Møre og Romsdal. Reinheimen utgjer saman med Dovrefjell-Sunndalsfjella dette området. Ved siste teljing var det 3 ynglingar i Møre og Romsdal sin del av området. Ved sjekk av DNA på jerv som har vore i forvaltingsområdet finn ein ikkje noko høgare tal enn 10 individ når det gjeld jerv i forvaltingsområdet. Det tyder sterkt på at bestanden i forvaltingsområdet er litt i underkant av målet, i alle fall ikkje over. Sidan målet for heile Noreg berre er 39 ynglingar årleg, så kan ein slå fast at jervbestanden ikkje ligg over det som er naturleg i Reinheimen. Viss verneområdestyret først skal inn på vurderingar av kor mange jerv som det skal vere, så vil det vere eit tema å bygge opp ein bestand som fjernar jerven frå raudlista.

Reinen har mange problem knytt til menneske si verksemd. Reinen får generelt stadig mindre areal med optimale tilhøve. Det vil vere negativt for reinen med auka jakt, sjølv om det gjeld andre artar enn rein. Auka ferdsel vil vere negativt. Støy i samband med slik ferdsel vil vere negativt for eventuelt friluftsliv i tillegg til for reinen. I vedtaket er presedens nemnt, men ikkje vidare vurdert. Så langt vi kan vurdere vil andre jaktlag også ha omtrent same interesse av å bruke motorkøyretøy. Det ligg t.d. stadig føre skadefellingssøknader i Skjåk og Lesja.

Elles vil sumverknaden være eit tema viss verneområdestyret først skal gje seg inn på forvaltning av jervestammen. Det finns fleire skadefellingssøknader knytt til forvaltningsområdet for jerv i området no i det siste.

Konklusjon

Verneføremålet i Reinheimen er avhengig av at det finst ein del jerv i området. Det er ingenting som tyder på at bestanden av jerv ligg over det som er biologisk naturleg i dette økosystemet, snarare tvert om. Tilrettelegging for jakt på jerv er dermed i strid med verneføremålet, og det kan ikkje gjevast løyve til motorferdsel i samband med skadefellingsløyvet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skjje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. *Almenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.*

Forvaltningsplan

I Reinheimen nasjonalpark og i Romsdalen lvo er motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.

Naturmangfaldlova

§ 48 «dispensasjon frå vernevedtak»: *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. ----- Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplana må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Naturvernforbundet begrunnar klaga med at tilrettelegging for jakt på jerv er i strid med verneføremålet, då villreinstamma er avhengig av at det finns ein del jerv i området.

Nasjonalparkstyret har i sitt løyve kun vurdert om køyring med bil til Ulvådalsvatnet og bruk av motorbåt på Ulvådalsvatnet kan skade verneverdiane. Det er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som forvaltar jervebestanden og gjer løyve til skadefelling. Vurdering av jerveuttaket er ikkje ein del av vår vurdering.

Vi kan være einige i at formuleringa i vurderinga i det delegerte vedtaket er uheldig, då vi har tatt med «vesentlige samfunnsinteresser». Samfunnsinteressa var her tenkt til effektiv transport for skadefellingslaget og ikkje samfunnsnytta av å ta ut jerv. Endring i ordlyden i vurderinga vil likevel ikkje endre det delegerte vedtaket, då vi kun har vurdert om motorisert ferdsel i dette omfanget vil påverke verneverdiane nemneverdig. Vi held fast på at 10 turar mellom 12. august til 1. september i 2021, ikkje vil stride mot vernevedtakets formål.

Saka vil heller ikkje gje uheldig presedens då løyvet er gitt i eit område der det allereie er gitt fleire motoriserte løyver til hytteeigarar og beitelag langs dette eksisterande køyresporet. I forskrifta er det kun opning for å gje løyve til motorisert ferdsel etter søknad i etablerte køyrespor på trasear gitt i forvaltningsplana.

Ut i frå ei samla vurdering er det ingen nye opplysningar, som gir grunnlag for å fråvike vedtaket og endre Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt delegerte vedtak frå 17.08.21.

Med bakgrunn i vernereglane og ei vurdering av samla påverknad av verneverdiar vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret held fast på vedtaket i saka.



Arkivsaksnummer: 2021/9170-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 08.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	50/2021	24.09.2021

Finndalen landskapsvernområde - dispensasjon - 2021 - inngjerding seterhus og bygging av platting på gnr. 159/1/59 - Ola Stubrud Teigen

Innstilling frå forvaltar

Inngjerding

Med heimel verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt.1.3 h), får Ola Stubrud Teigen dispensasjon til å gjerde inn eit avgrensa areal kring sitt seterhus med feste nr. 59, på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde. Tiltaket skal hindre at beitedyr gjer skade på seterhus og er til unødig ulempe.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan gjerdast inn eit areal på 43 m², og ca.27 løpemetar gjerde.
- Det nye gjerdet skal festast i eksisterande gjerde, som er montert til veggen på seterhuset si aust- og vestside.
- Det skal brukast tradisjonelt gjerdemateriell som skigard, stakitt, steingjerde.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at gjerdet blir fjerna.

Platting

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c), får Ola Stubrud Teigen avslag på søknad om platting kring seterhuset på Sveinesetra med festnr. 59, på Sterringen.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde. Plattingar av slik karakter vil kunne skape uheldig presedensverknad og føre til at det verdifulle setermiljøet i Finndalen får ein annan karakter, noko som er i strid ved verneføremålet.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om inngjerding og bygging av platting frå Ola Stubrud Teigen, 13.06.19, oversendt frå Finndalen fjellstyre på e-post.

Saksopplysningar

Ola Stubrud Teigen søker Finndalen fjellstyre om å bygge platting og gjerde inn seterhuset på Sveinsetra, fnr. 59 på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde. Søknaden er avklart med Statskog og Fjellstyre for vurdering etter seterforskrifta i 2019, og tiltaka skal nå behandlast etter verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.

Grunnen til at saka ikkje er lagt fram for nasjonalparkstyret tidlegare, er at nasjonalparkstyret ikkje har fått søknaden før lang tid etter vedtaket gjort av fjellstyret.

Søknaden frå Ola Stubrud Teigen omfattar platting på nord- og vestsida av seterhuset, i tillegg oppsett av gjerde kring seterhuset som skissert på foto under. Platting er i søknaden skissert med breidde på ca 2,2 meter frå husveggen, og på nivå med nedkant av kledningen på huset. Det er søkt om å sette opp totalt 27 meter gjerde kring platting og seterhus der festefunkt for gjerde er på eksisterande gjerde på aust- og vestsida av huset. Søkjar oppgir at behovet for gjerde er for å halde beitedyr unna husveggen, særleg hestar gjer skade på både på kledning og glaslister.


Ola Stubrud Teigen opplyser og i søknaden om at han nyleg har overtatt Sveine med tilhøyrande seter, fnr. 59, i Finndalen. Han har sett i stand og gjerda inn seterkvea for å slå arealet på setra.



Foto: Seterhuset sett frå aust



Foto: seterhuset sett frå vest



Kart: Seterhuset med fnr.59 er markert med blå ring

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar mm...

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen.* (jf. § 3, pkt. 1.2)

Nasjonalparkstyret kan jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, gje løyve til

- b) *oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterføremål, og*
- c) *ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*
- h) *Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 126 og 127, står det følgjande om Byggeskikk og ombygging og tilbygg (§ 3, pkt. 1.3, b og c):

Byggeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m² (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er:

- i sårbare område som snauffjell eller seterområde

- av omsyn til andre bygningar i nærleiken
- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m2 ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.

Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.

I forvaltningsplan for Reinheimen, står det følgjande på s. 128 om gjerde- og sanketrøer:

Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, h, jf 1.2, a.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt, steingjerde eller einergjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.

Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.

Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.

Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Finndalen, særleg rundt sæterstulane, er påverka av beite. Det er forholdsvis stort beitetrykk i heile landskapsvernområdet, og tal frå landbrukskontoret i Skjåk og Lom dokumentarar dette da det årleg blir slept om lag 2800 beitedyr i Finndalen, fordelt på storfe, sau og lam, geit og hestar. I forvaltningsplan er det registeret 32 setre fordelt på 4 seterstuler, Gjerdingodden, Breistulen, Sterringen og Vangen.

Inngjerding:

Vernereglane tek i fyrste rekkje høgde for å imøtekomme behovet for gjerding i landbruksnæringa, og ved omsyn til skjøtsel av kulturlandskapet. Vernereglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for drift av setervollar og dyrka areal herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet, eller vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde o.l. (jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.2)

Inngjerding av hytter er konfliktylt fordi det kan vere ei ulempe for beitebruk, fri ferdsel og landskapsforhold. På ei anna side er mangel på gjerde også konfliktylt i områder med høgt beitetrykk og i dei tilfelle der beitedyra nyttar uteområde inntil hytter og seterhus.

Sjølv om det i forvaltningsplan står at det ikkje blir opna for å gjerne inn hytter og buer, så er det forhold der gjerding kan vera nødvendig. I forvaltningsplan er det registrert totalt 96 byggverk i Finndalen. På Sterringen er det registrert 27 bygningar, der 8 er seterhus og 5 er definert som «andre bygg» inkludert t.d. hytter. Søkjaren har seter og seterhus på Sterringen der det er konsentrasjon av beitedyr, både storfe, hest, sau og geit. Det er såleis eit dokumentert behov for gjerde, og det er eit akseptert behov for ei mindre inngjerding av uteområdet ved inngangspartiet i dette tilfelle. I 2016 gav nasjonalparkstyret dispensasjon til å gjerde inn ei hytte på Breidstulen. Dette skaper presedens for søknader med liknande behov, som i denne saka. På sikt bør retningsliner for inngjerding av seterhus og hytter

kunne innarbeidast i forvaltningsplan, da det etter kvart er gode erfaringar med avgrensa gjerding kring fritidsfester i landskapsvernområda for å unngå konflikhtar med beiteinteressar.

I seterområder med beitedyr som nyttar uteområdet inntil hytter og seterhus, vil inngjerding av eit avgrensa område kring hytta vera eit akseptert behov som det kan gjevast dispensasjon til. Avgrensing på areal og krav til gjerdemateriell, vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for verdiane i området. Av omsyn til landskapsverdiane er det viktig at det blir sett opp gjerde med materialar som er i samsvar med den lokale byggeskikken i landskapsvernområdet, og ein materialbruk som er minst mogleg dominerande i landskapet. Tiltaket er ikkje av ein slik art at det er aktuelt å nytte føre-var-prinsippet.

Kunnskapsgrunnlaget for Finndalen landskapsområde er godt både når det gjeld naturverdiar og kulturlandskap. I tillegg er det god oversikt over beitebruk og bygningar. Bruken av setrene er i større grad enn tidlegare berre nytta i samband med slått og beite, til fritidsføremål og ved tilsyn av beitedyr på utmark.

Fordelen ved å gjerde inn eit avgrensa areal inntil hytte og uthus i beitepåverka område vil vera stor, medan ulempene er vurdert som små.

Platting:

Når det gjeld platting er det i søknaden skissert platting kring seterhuset på totalt 35 m², som strekker seg framfor inngangspartiet mot nord og vidare kring huset på vestsida. Ut i frå søknaden skal plattingane byggjast på nivå med nedkanten av kledningen, og dekke over steinmuren og steintrappa. Av foto kan det sjå ut som om terrenget kring huset er noko planert og steinsatt tidlegare, og behovet for platting i dette tilfelle er ikkje like framtrødande som behovet for gjerde.

I byggesaker skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I forvaltningsplan er det registrert 96 byggverk i Finndalen, der 35 er seterhus og ca 10 hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter vil søke om liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene i også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål. Ein slik utvikling vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Finndalen endrar seg og får ein annan karakter, noko som er i strid med verneføremålet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i møte 02.07.21 gjeve avslag på søknad om platting inntil hytte og uthus på Sterringen. Platting, terrasse og veranda er vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggeskikken, og ikkje skal vera tillate. Tiltaket vil vera i til ulempe for verneføremålet og dispensasjon kan ikkje gjevast.



Arkivsaksnummer: 2021/8848-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 06.09.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	51/2021	24.09.2021

Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - gjenoppføring av utedo på Sterringen gbnr 159/1/60 - Olav Skåre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde, § 3, pkt. c), d) og f) får Olav Skåre dispensasjon til riving og oppattføring av utedo, som tilbygg til låve på seter med festnr. 60 på Sterringen i Finndalen Ivo.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Ny utedo skal oppførast som tilbygg til låven der den sto tidlegare.
2. Fundamentet på utedoen skal være enkel mur med naturstein.
3. Utvendig kledning skal vera panel, og påførast same farge som på eksisterande låve
4. Taket skal utformast som pulttak.
5. Takmaterialet skal vera som på eksisterande låve/uthus.
6. Etter oppføring skal tilbygget ha utvendig areal på 2 m².

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2023**. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad med vedlegg frå Olav Skåre, om oppføring av ny utedo på seter 159/1/60, i Finndalen Ivo, oversendt av Kjell Gaukstad på e-post 15.07.21

Saksopplysningar

Olav Skåre søker om å oppattføre ein utedo på på si seter med fnr.60 på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde.

Byggjesakbehandlar i Lom kommune, Øystein Brandsar har i e-post 19.03.21 til Finndalen fjellstyre og Statskog gjeve følgjande opplysningar:


Olav Skåre søker om å bygge oppatt delar av eit tilbygg som vart rivd etter at taket vart teke av vind. Det gamle tilbygget utgjorde i underkant av 15 m² BYA og inne i dette var det ein utedo. Olav ynskjer å gjenoppføre utedoen på om lag 2 m².

Da tiltaket er såpass lite og det har vore utedo der før ser ikkje kommunen det som naudsynt med søknad, og ser på søknaden som ei melding. (Tiltak unnateke søknadsplikt er framleis meldepliktige).

Sendar for ordens skuld denne attendemeldinga til både Fjellstyret og Statskog så dei er varsla, og i tilfelle dei har innvendinger. Avvent attendemelding frå dei før tiltak vert igangsett.



Tilbygg for utedo markert med raudt på flyfoto over.



Flyfoto 1981

Flyfoto i dag

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar og anlegg..., jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Jf. verneforskrift § 3, pkt.1.3 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- c) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.
- d) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- f) Riving av seteranlegg

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for byggetiltak utdjupa, jf. retningslinjer på s. 127 og 128:

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter. For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov. Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).

Gjenoppføring av bygningar § 3, pkt 1.3. d.

Etter søknad skal forvaltningsstyresmakta normalt gje løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen og ha om lag same utsjånad som bygget det skal erstatte. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap eller endringar som forbetrar utsjånaden til bygget i tråd med rettleiaren for lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygd opp etter dette punktet skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane kan forvaltningsstyresmakta krevje at bygget blir sett opp andre stader enn der det stod tidlegare.

Riving av seterlegg § 3, pkt 1.3, f

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til å rive bygning knytt til seteraktivitet. Dette gjeld i tillegg til seterhus, både fjøs, høyløer, buer og uthus, uansett teknisk stand. Forvaltningsstyresmakta skal hente inn fagleg råd frå kulturminnevernstyresmakta med behandling av søknad. Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen. Ved riving for flytting og oppsetting på anna tomt utafor seterstulen, skal det ikkje gjevast løyve.

Presedens


I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Olav Skåre har søkt om å byggje opp att ein utedo som vart taklaust etter sterk vind som tok taket. Utedoen var bygd som tilbygg til ein låve og hadde eit areal på 15 m2. Det er søkt om å rive det som står att og byggje oppatt ein utedo med mindre areal på totalt 2 m2.

Setra sæter ligg på Sterringen, og er ein del av eit vakkert seter- og kulturlandskap i Finndalen, med ei aktiv beitebruk- og landbruksnæring.

I kartet under er låven markert med blå ring.



Verneforskrifta og forvaltningsplanen har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg, riving og oppattføring av eksisterande bygningar i Finndalen lvo. I forvaltningsplan er det registrert totalt 96 husvere av ulik standard. På Sterringen er det registrert 17 bygg, 8 seterhus og 5 andre bygg inkludert låver/uthus. Gjenoppføring av utedoen vil ikkje føre til endra bruk av setra, men vil sørge for at det fortsatt er nødvendig toalettfunksjon på setra. Søkjar har eit akseptert behov for tiltaket, og oppattføring av utedo inntil låven vil ikkje endre bruken av setra eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens vera til stade. Det er i tidlegare saker i verneområdet aksept for å rive noko av eksisterande byggverk for å gjera mindre endringar og forbetringar i samband med restaurering. I dette tilfelle er store delar av tilbygget skada etter vindkast, og det er utedofunksjon i tilbygget det er størst behov for og oppattføre. Så lenge utedoen blir bygd opp på same side av låven, vil eit mindre tilbygg ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, eller vera i strid med verneføremålet.

Ut i frå ei total vurdering er vilkåra for å gje dispensasjon oppfylt.



Arkivsaksnummer: 2020/902-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 03.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	52/2021	24.09.2021

Reinheimen nasjonalparkstyre - rådgivende utvalg - 2020 - 2023

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i pkt. 9 i Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjer nasjonalparkstyret vedtak om følgjande samansetnad av fagleg rådgivande utval:

Fylke	Innlandet	Møre og Romsdal	Felles
Part			
Skjåk allmenning	1		
Private grunneigarlag	2	2	
Norges Bondelag	1	1	
Norges Bonde- og småbrukarlag	1	1	
Mjøsen Skog AS	1		
Allskog AS		1	
Norges Fjellstyresamband	2	2	
Statskog SF			1
Rauma elveeigarlag		1	
Reiselivslag	2	2	
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	2	2	
Tafjord Kraft / Rauma Energi		1	
Statens Vegvesen			1
Bane Nor			1
DNT-Sunnmøre		1	
Historielag	1	1	
SUM (31)	13	15	3

Det bør haldast eit årleg møte med fagleg rådgjevande utval. Møtedeto skal varslast i god tid, seinast ein månad på førehand. Fagleg rådgjevande utval skal drøfte saker som er knytt til forvaltning, bruk og utvikling av verneområda.

Administrativt kontaktutval skal ha invitasjon for å delta som observatører på møta. Nasjonalparkforvaltar er sekretær for fagleg rådgjevande utval.

Interesseorganisasjonane peikar sjølv ut sine representantar til utvalet, og varslar om utskifting og nye representantar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Oppretting av rådgjevande utval, vedtak i sak 21/13, Nasjonalparkstyret for Reinheimen 01.06.2013
- Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, gjeldande frå 1.mars 2020
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, 11.02.2020
- Brev frå FNF Møre og Romsdal, 17.01.2020
- Mail frå Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal 20.09.2021

Saksopplysningar

I medhald av pkt 9 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen skal det etablerast eit fagleg rådgjevande utval for nasjonalparkstyret:

9. RÅDGIVENDE UTVALG

Styret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.

Nåverande utval har etter vedtak i sak 21/2013 hatt slik samansetnad:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen sluttar seg til oppnemning av eit fagleg rådgjevande utval der følgjande partar blir invitert til å utnemne sine representantar:

Fylke	Oppland	Møre og Romsdal	Felles
Part			
Skjåk allmenning	1		
Private grunneigarlag	2	2	
Norges Bondelag	1	1	
Norges Bonde- og småbrukarlag	1	1	
Mjøsen Skog AS	1		
Allskog AS		1	

Norges Fjellstyresamband	2	2	
Statskog SF			1
Rauma elveeigarlag		1	
Reiselivslag	2	2	
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	2	2	
Tafjord Kraft / Rauma Energi		1	
Statens Vegvesen			1
Jernbaneverket			1
Ålesund og Sunnmøre Turistforening		1	
Historielag	1	1	
SUM (31)	13	15	3

- *Det blir halde eit møte i fagleg rådgjevande utval pr. år.*
- *Møtet blir avvikla i 4. kvartal.*
- *Møtedato skal varslast seinast ein månad på førehand.*
- *Viss medlem i utvalet varslar innspel/spørsmål seinast 2 veker før møtet, kan det forventast å få eit førebudd svar.*
- *Fagleg rådgjevande utval skal drøfte saker som er knytt til forvaltning, bruk og utvikling av verneområda.*
- *Nasjonalparkstyret og administrativt kontaktutval kan delta på møta.*
- *Nasjonalparkforvaltaren er sekretær for fagleg rådgjevande utval.*

Vurdering

Møta med rådgjevande utval er lagt i samband med styremøte, og har stort sett vore gjennomført på seinhausten i åra 2015, 2016, 2018 og 2019. Medlemmar i administrativt kontaktutval har og vore invitert til desse møta. Møta har vore lagt opp med fagforedrag, workshop og presentasjonar frå nasjonalparkforvaltar.

I 2017/2018 var det sendt ut ei spørjeundersøking til alle medlemmane i rådgjevande utval for å få ei attendemelding på om dei ser tent med å delta i utvalet. Ingen ytra ønskje om å trekke seg frå utvalet, men det vart nokre naturlege utskifting og organisatoriske endringar av medlemmar.

Finndalen fjellstyre har 11.02.20 oppnemnt ny representant til rådgjevande utval: *I fjellstyreperioden 2020-2023 er Kristian Frisvold og med Vidar Vange som vararepresentant vald til å representere Finndalen fjellstyre i fagleg rådgjevande utval for Reinheimen.* Medlemslista til rådgjevande utval blir oppdatert med nytt namn frå Finndalen fjellstyre.

FNF i Møre og Romsdal har no hatt ein klargjeringsprosess med sine organisasjonar om deira deltaking i dei rådgjevande utvala i verneområda, og har 17.01.2020 sendt eit orientering til Nasjonalparkstyret.

Dei skriv at FNF er eit samarbeidsforum som uttaler seg berre i dei saker der deira organisasjonar er einige. I saker der organisasjonane har ulike meiningar uttaler dei ulike organisasjonane seg sjølve. FNF Møre og Romsdal består av 12 organisasjonar, men dei

som har interesse for dei store verneområda er hovudsakleg Turistforeningane (aktuell lokalforening) Naturvernforbundet og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

FNF Møre og Romsdal har teke opp si deltaking i rådgjevande utval i sitt styre, og har gjort slik vedtak 13.12.2019:

FNF ønskjer at medlemsorganisasjonane representerer seg sjølve i dei rådgjevande utvala i verneområda. I den grad FNF er involvert i representasjon i rådgjevande utval, kan dette vere i form av ei registrering av eventuell interesse mellom medlemmene som ikkje er blant dei tre nemnd under, slik at verneområdestyret sjølv kan ta kontakt med dei aktuelle.

Følgjande organisasjonar tar sjølve kontakt med verneområdestyra når det gjeld si interesse for å sitje i rådgjevande utval:

- Den Norske Turistforening ved aktuell lokalforeining
- Naturvernforbundet ved fylkeslaget
- Norges Jeger- og Fiskerforbund ved fylkeslaget

20.09.2021 mottok nasjonalparkstyret for Reinheimen mail frå Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal(FNR). Dette etter ein telefonsamtale med Ola Frema (Dagleg leiar i FNR) og med Marte Melbø (rådgiver i FNR).

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal ønsker å ha ett godt samarbeid med alle aktører som er berørt av aktivitetene våre. Stikk UT! er den største, som de siste årene har vært i stor vekst. Vi ser at dette har både positive og negative sider.

I den sammenheng ønsker vi ett tettere samarbeid med nasjonalparkene i vår region, for at vi skal ta riktige valg når det velges ut turmål. Det er i hovedsak kommunene som velger ut Stikk UT!-turmål, men friluftsrådene gir retningslinjer og prøver å følge opp at turene er bærekraftige og tåler det besøket de får. For å få kunnskap til å veilede kommunene riktig hadde vi ønsket ett mer formelt samarbeid med dere. Mari Melbø Rødstøl nevnte på ett møte vi hadde tidligere i år at dere har et organ som heter Rådgivende utvalg, og vi kunne godt tenke oss å være med i dette.

Innspelet frå FNF Møre og Romsdal og Friluftsrådet i Nordmøre og Romsdal blir teke til etterretning, og sekretariatet vi kontakte dei aktuelle organisasjonane som peikar ut medlem til rådgjevande utval. DNT-Sunnmøre er representert i rådgjevande utval frå før.

Det er og viktig å halde fram med at administrativt kontaktutval med 1 representant frå kvar kommune og 1 frå fylkeskommunen, får høve til å delta på møta som observatørar.

ST 53/2021 Orienteringar